





(481)N





*Prosjekt "RESSURSMODELL
FOR SAUEHALD I UTMARK"*

VEGETASJON OG BEITE

Omtale av 3 prosjektområde

Yngve Rekdal





*Prosjekt "RESSURSMODELL
FOR SAUEHALD I UTMARK"*

VEGETASJON OG BEITE

Omtale av 3 prosjektområde

Yngve Rekdal

Ås 1995

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging

Rapport nr. 11/95

ISBN 82-7464-091-8

FORORD

På bakgrunn av eit stort behov for kunnskap innan praktisk beitebruk og framtidig planlegging og forvaltning av utmarka her i landet, tok Samordningsutvalet for organisert beitebruk i 1990 initiativet til eit omfattande prosjekt kalla "Ressursmodell for sauehald i utmark". Her tok ein sikte på å studere tapsårsaker på beite, næringsverdi og produksjonsevne i naturleg vegetasjon og sauens utnytting av ulike arealtypar.

Prosjektet vart lagt opp som eit samarbeid mellom mellom Institutt for husdyrfag ved Norges Landbrukshøgskole, Biologisk institutt ved Universitetet i Oslo og Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås. Prosjektet vart planlagt over tre år der ein skulle gå inn i eit nytt forsøksområde kvart år. Viktige omsyn ved val av forsøksområde var at sauehaldet skulle stå sterkt og naturtilhøva skulle vera representative for større område.

Eit fjellområde i Eksingedalen i Vaksdal kommune vart vald som det første forsøksområdet, Bjørfarvassheia i Namdalseid kommune det andre området og det tredje i sørsida av fjellpartiet Mauken i Målselv kommune.

Denne rapporten inneheld omtale av vegetasjons- og beiteregistreringar frå alle tre områda.

Ås, desember 1994

Yngve Rekdal

SAMANDRAG

På oppdrag frå prosjekt "Ressursmodell for sauehald i utmark", har NIJOS utført vegetasjonskartlegging og beitevurdering i tre forsøksområde. Bruk av vegetasjonstypar ved beitekartlegging har lange tradisjonar her til lands. Utgangspunktet for denne bruken er at artssamansetting, planteproduksjon og næringsinnhald i plantene innafor den enkelte vegetasjonstype, varierer lite frå lokalitet til lokalitet.

Viktige omsyn ved val av forsøksområde i prosjektet var at sauehaldet skulle stå sterkt og naturtilhøva skulle vera representative for større område.

Leiro-Sørdalen, Eksingedalen i Vaksdal kommune

Eksingedalen kan seiast vera representativ for landskapsregion "Midtre fjordbygder på Vestlandet". Denne regionen er kjenneteikna ved sterkt kupert terreng, fattig berggrunn og høg nedbør. Det vegetasjonskartlagte området mellom Leiro og Sørdalen er godt representativt for fjellvegetasjonen i regionen. Karakteristisk her er skrinn vegetasjon med høgt innslag av bart fjell på høgtliggande, opplendte parti. I bratte dalsider finn vi rasmarker med frodig vegetasjon dominert av bregner eller gras i sterkt beitepåverka område. I dalgangar får ein bedre lausmassedekke der vegetasjonstypar som rishei, fukthei og grassnøleie vil dominere. Kupert terreng gjev god drenering, slik at i høve til den høge nedbøren i regionen finst det lite myr. Samla utgjer Leiro-Sørdalen eit godt til mykje godt beiteområde. Det beste beitet finst i rasmarkene.

Bjørfarvassheia-Meungheia-Øyenskavlen, Namdalseid kommune

Prosjektområdet ligg i landskapsregionen "Fjordbygder i Møre og Trøndelag". Terrenget her er oppbrote, ofte godt avrunda og hevar seg ikkje så høgt over skoggrensa. Berggrunnen er hovedsakleg fattig og nedbøren høg. Kartleggingsområdet på Bjørfarvassheia-Meungheia-Øyenskavlen er representativt for fjellterrenget som høyrer til denne regionen. Vegetasjonen er dominert av myr, mest grasmyrer som også finst i sterkt hellande terreng. Heivegetasjonen er dominert av fuktheier og risheier på overgang mot røsslynghei. Det er lite av frodigare vegetasjonsinnslag. Ei samla vurdering av beiteverdien for heile kartleggingsområdet kan settast til godt-mindre godt beite. Skog av blåbær- og engtype utgjer dei viktigaste beiteområda.

Mauken, Målselv kommune

Prosjektområdet ligg i søndre del av regionen "Indre bygder i Troms", kjennteikna av mektige U-dalar omgjeve av platåfjell og høgare fjellmassiv. Berggrunnen er rik og klimaet svakt kontinentalt. Kartleggingsområdet i sida av Stormauken er representativt for fjellvegetasjonen i dei områda av regionen som har næringsrike bergartar. I bratte dalsider og langs bekkar og dråg, får vi frodig høgstaudevegetasjon. Snøleia er ofte lågurtenger med høgt innslag av gras og urtar. Opplendte område vil vera dominert av rishei og rabbesamfunn vekslende av rik og fattig type. Større myrområde finst berre der terrenget flatar ut. Det kartlagte beiteområdet er uvanleg rikt og er nok noko av det beste utmarksbeitet ein kan finne i landet. Samla kan det gjevast karakteristikken mykje godt beite. I dette distriktet er slikt beite likevel ikkje noko uvanleg.

1. METODE

1.1. Vegetasjonskartlegging

1.1.1. Kva er eit vegetasjonskart?

Veksemiljøet til plantene er samansett av ei rekkje naturgjevne og menneskeskapte tilhøve. Viktigast er vatn og næring i jorda, klima, påverknad frå menneske og dyr og konkurranse frå andre artar. Planter som har nokolunde same krav til miljøet vil vekse på same stad. Dei dannar det vi kallar eit plantesamfunn eller ein vegetasjonstype. Ein vegetasjonstype er altså ei karakteristisk samling av artar som vil finnast att på stadar med like veksevilkår.

Eit vegetasjonskart er eit bilete av den mosaikken av vegetasjonstypar som utgjer plantedekket i eit område. Ved å utnytte den informasjonen som plantene gjev oss om veksetilhøva blir dette likevel langt meir enn ein oversikt over plantedekket. Forskning og erfaring har gjort at vi kan trekkje ut ei rekkje opplysningar om miljøforhold innafor kvar vegetasjonstype. På same måte kan ulike eigenskapar med omsyn til ressursutnytting som til dømes beite, knyttast til typane. Vegetasjonskartet er i dag den karttypen som gjev mest allsidig informasjon om naturgrunnlaget. Det er det næraste vi har kome eit økologisk kartverk (Rekdal 1991).

Grovt skissert kan vi dele informasjonen frå vegetasjonskartet i 3 grupper:

1. Botanisk informasjon
2. Økologisk informasjon
3. Informasjon om naturgrunnlaget for ressursutnytting og anna bruk.

1.1.2. Kartleggingssystem

Ei grein innafor botanikken som kallast plantesosiologi, har arbeidd med å definere plantesamfunn og kva økologiske tilhøve desse indikerer. Ut frå denne forskninga er det forma system for praktisk vegetasjonskartlegging. Det er idag i bruk to system som er nokolunde landsdekkande. Eit for detaljert kartlegging (M 1:5 000-20 000) (Fremstad & Elven 1987) og eit for oversiktskartlegging (M 1:50 000) (Larsson & Rekdal 1991). Einingar frå det detaljerte systemet kan slåast saman til oversiktsnivå.

Det detaljerte systemet er bygd opp på tre nivå kalla grupper, einingar og typar. Det er 23 grupper som står for hovedypar av vegetasjon som fattig skog, rik skog, sumpskog, kystlyngheier, lesamfunn i fjellet osv. Einingar er overordna kartleggingseiningar og tilsvarar vanlegvis ei plantesosiologisk eining på forbunds- eller assosiasjonsnivå. Systemet inneheld 113 slike einingar. Dei fleste einingane er igjen delt opp i typar som er underordna kartleggingseiningar på lågare nivå (assosiasjon, subassosiasjon). Regionale utformingar eller spesielle lokale økologisk vikarierende samfunn blir vanlegvis rekna som typar. Omlag 80 av einingane har definert til saman 220 typar.

Kartleggingssystemet for oversiktskartlegging er tilpassa eit langt mindre intensivt feltarbeid. Identifikasjon av typane byggjer meir på den fysiognomiske utforminga av vegetasjonen. Systemet deler vegetasjonstypane i 10 grupper. Under desse er det definert 44 vegetasjonstypar og 9 andre arealtypar. I begge systema blir det i tillegg bruka ei rekkje tilleggssymbol for å få fram viktig informasjon som ikkje ligg i typedefinisjonen som dekning av lav, vier, bart fjell, grasrike utformingar utover normal utforming m.m.

1.1.3. Kartproduksjon

Mykje av innsatsen bak eit vegetasjonskart ligg i feltarbeidet. Kartlegginga foregår som ein kombinasjon av synfaring i felt og tolking av flybilete ut frå nyansar i farge og struktur i biletet og økologisk kunnskap. Kartleggaren ser på bileta gjennom eit stereoskop og får da landskapet fram tredimensjonalt. Ute i terrenget blir vegetasjonen klassifisert i typar og grenser tegna mellom desse.

Den detaljerte kartlegginga krev eit intensivt feltarbeid der mange av grensene må gåast opp i marka. Kapasiteten her ligg på 0,5-1,0 km² pr. dagsverk litt etter vegetasjonen sin kompleksitet og om det er skog eller ikkje. Oversiktskartlegging baserer seg på langt meir flyfototolking. Også her er vi i auge/kikkert-kontakt med det meste av arealet. Kapasiteten ligg på 5 km² i fjellet og 3 km² i skog pr. dagsverk.

Bruk av satellittdata i vegetasjonskartlegging har det heilt sidan 70-åra vore knytta store voner til. I Noreg har det vore dreve forsøk i fleire forskningsmiljø. Regulær kartlegging har i første rekkje vore dreve i Finnmark. NIJOS er også i gang med forsøk i bruk av satellittdata til vegetasjonskartlegging i fjellet. Resultat til no viser at ein ikkje kan utføre tradisjonell kartlegging ved denne metoden. Det kan lagast grove oversikter over arealtypar der også andre faktorar enn det botaniske innhaldet må trekkjast inn i typedefinisjonen. Eit tilhøve i vegetasjonen kjem likevel ganske godt fram og det er innhaldet av lyse lav. Nytteverdien for beitekartlegging ved bruk av satellittdata ligg derfor i vurdering av vinterbeite for rein.

Vegetasjonskart blir framstilt ved hjelp av digital kartteknikk. Den digitale prosessen startar ved at vegetasjonsgrensene blir digitalisert frå flyfoto. Dette blir utført med eit instrument som korrigerer for feil som vil oppstå på bileta på grunn av forskjellige fotograferingsvinklar og flyhøgder. Dei kartriktige digitale data blir lese over i ei datamaskin som har eit program for behandling av kartdata, eit såkalla geografisk informasjonssystem (GIS). Her finst modular for lagring, bearbeiding og presentasjon av data. Signaturar for vegetasjonstypane blir her lagt inn for kvar vegetasjonsfigur (polygon) og kontroll og rettingar utført til vi har ein ferdig kartdatabase.

1.2. Beitevurdering

Frå gammalt av har det vore vanleg at folk har karakterisert utmarksbeite i ordelag som "saftige og gode" eller "magre og dårlege". Før krigen gjekk det meste av grasetande husdyr på utmarksbeite sommarstid. Mange område var overbelasta og mykje dyr gjekk på dårlege beite. I mellomkrigstida var "bedre utnytting av fjellbeita våre" eit vanleg

slagord. Med det følgde eit behov for eit system for meir eksakt beskrivelse av beitekvalitet og kapasitet.

På oppfordring frå Selskapet for Norges Vel utførte professor Rolf Nordhagen eit arbeid for å skape eit botanisk grunnlag for beitevurdering i fjellet. Resultatet vart eit plantesosiologisk system over vegetasjonstypar i subalpin og alpine regionar (Nordhagen 1943). På grunnlag av dette arbeidet vart det i 1942 starta ei landsomfattande registrering av fjellbeite som fortsette til 1972. Linetaksering vart nytta for å finne arealdekning av ulike vegetasjonstypar. Vurdering av beitekvalitet og kapasitet bygde mykje på skjønn. Dette var eit svært grundig arbeid, men hadde i første rekkje to svakheiter. Kunnskapsnivået om beiteverdien til dei ulike typane var for dårleg og data vart ikkje kartfesta.

Bruk av vegetasjonstypar ved beitekartlegging har såleis lange tradisjonar her til lands. Utgangspunktet for denne bruken er at artssamansetting, planteproduksjon og næringsinnhald i plantene innafor den enkelte vegetasjonstype, varierer lite frå lokalitet til lokalitet.

Beiteverdien for den enkelte vegetasjonstype vil i første rekkje vera avhengig av tre faktorar:

- a) Produksjon av beiteplanter (kg tørrstoff pr. dekar).
- b) Næringsverdi (foreiningar pr. kg tørrstoff).
- c) Utnyttingsgraden (kor stor del av plantemassen som blir teke opp av dyra).

Produksjonen av beiteplanter vil variere mykje med veksetilhøva. Næringsverdien vil variere etter kva planter som finst, veksestad, haustetidspunkt m.m. Både produksjon og næringsverdi kan i stor grad målast. For utnyttingsgraden spelar til dels vanskeleg målbare faktorar inn, da denne er knytt til beitevanane til den enkelte dyreart. Dyra sitt val av beiteplanter og område vil òg vera påverka av faktorar som tilgjenge, høve til ly, fordeling av vegetasjonen i høgdesoner, mangfald i vegetasjonen, beitepress, årstid, vertilhøve, plassering av saltsteinar m.m.

Verdsetting av beite blir uansett svært komplekse vurderingar som mykje må byggjast på skjønn ut frå god kunnskap om plantedekket, beitevanar og andre faktorar som er nemnt. Vegetasjonskartet vil kunne vera ein viktig reiskap da ein her har kartfesta det botaniske grunnlaget saman med topografien. Nyttan av vegetasjonskartet vil likevel vera avhengig av kva kunnskap vi har om beiteverdien til den enkelte vegetasjonstype og samspelet mellom ulike typar i eit område. Dei data vi har i dag er dessverre så mangelfulle at kartet i første rekkje kan brukast til å dokumentere område av ulik beitekvalitet. Vurdering av dyretal vil berre kunne gjerast svært grovt.

1.3. Beitekart

Behandling av vegetasjonsdata i GIS gjev heilt nye høve til å analysere og presentere den mangfoldige informasjonen som ligg i vegetasjonskartet. Det kan lagast avleia produkt både av kart og arealstatistikkar, spesielt tilpassa bruksformålet. I

prosjektområda er vegetasjonstypane gjevne beiteverdiar etter ei klasseinndeling med 5 graderingar frå dårleg til svært godt beite. Grunnlaget for verdsettinga er innhaldet av beiteplanter i kvar type og hovedtrekk i beitevanar for sau som t.d.:

Sauen beitar helst småvaksne gras og urtar. Ein del storr, lauv og skot særleg frå vier, er òg med på matseddelen. Grovvaksne planter, lyng og lav blir lite beita. Blåbærlyng blir teke når skota er ferske. Sauen held seg helst i opplendt terreng, av myr blir berre faste grasmyrer beita. Ut over sommaren trekkjer han gjerne opp i høgda etter som vegetasjonen utviklar seg.

Ved hjelp av digital teknikk er det muleg å trekkje ut spesiell informasjon frå vegetasjonsskartet og presentere dette som avleia temakart (fig 1). Modellar for avleiing




Fig. 1. Informasjonssystem for beitedata

kan byggast opp meir eller mindre komplisert etter kor mange faktorar som blir trekt med i vurderinga av dei enkelte tema. For prosjektområda er det laga ein såkalla eigenskapssdatabase for vegetasjonstypane med beiteverdiar. Ved å kople kartdatabase med vegetasjonsfigurar identifisert med typekode og eigenskapssdatabase, kan vi lage beitekart. Ei rekkje tilleggssymbol som er bruka for å beskrive tilhøve som ikkje går fram av typedefinisjonen (t.d. dekning av bart fjell, spesielt grasrike utformingar mm.),

er også trekt med i produksjonen av beitekarta.

Kopling mot databasar for andre karttema kan auke beiteinformasjonen i karta ytterlegare. Vegetasjonskart og beitekart er presentert på topografisk kartgrunnlag frå Statens kartverk sin database frå N 50 serien. Digitalt topografisk grunnlag gjer det muleg å vurdere tilgjenge, hellingsgrad og -retning, høgdesone mm. For å få eit kart som gjev mest muleg utfyllande informasjon om beitenæringa, kunne ein i tillegg tenkje seg innlagt data om sankelagsgrenser, driftevegar, samleplassar, gjerde, naturlege sjølgjerde, plassering av saltsteinar mm.

1.4. Valg av forsøksområde

Viktige omsyn ved val av forsøksområde i prosjekt "Ressursmodell for sauehald i utmark" var at sauehaldet skulle stå sterkt og naturtilhøva skulle vera representative for større område. Nedanfor er det gjevne omtale av prosjektområda i regional samanheng.

Leiro-Sördalen, Eksingedalen i Vaksdal kommune

Eksingedalen kan seiast vera representativ for landskapsregion "Midtre fjordbygder på Vestlandet" (NIJOS 1991). Dette er ein stor og omvekslande region som strekkjer seg frå indre Ryfylke til Nordmøre. Regionen utgjer i grove trekk eit belte mellom fjordmunningane og indre bygder. Landskapskarakteren er først og fremst prega av stor variasjonsrikdom og sterke kontrastar. I dei midtre og sørlege områda har landskapet i mange tilfelle ein småskalakarakter med oppbrotet topografi og samansett struktur. Lenger nord gir breie fjordlaup og markerte U-dalar og alpinformer eit stort sett storlinja inntrykk med sterkt markerte landskapsrom. Berggrunnen er hovudsakleg fattig gneis. Lausavsetningar finst helst under marin grense. I dei ofte bratte dalsidene finst det gjerne frodige rasmarker. Klimaet er oseanisk med dei største nedbørsmengdene i landet, ofte rundt 2000 mm/år eller meir.

Det vegetasjonskartlagte området mellom Leiro og Sördalen er godt representativ for fjellvegetasjonen i regionen. Karakteristisk her er skrinne vegetasjon med høgt innslag av bart fjell på høgtliggande opplendte parti. I bratte dalsider finn vi rasmarker med frodig vegetasjon dominert av bregner eller gras i sterkt beitepåvirka område. I dalgangar får ein bedre lausmassedekke der vegetasjonstypar som rishei, fukthei og grassnøleie vil dominere. Kupert terreng gjev god drenering, slik at i høve til den høge nedbøren i regionen finst det lite myr.

Bjørfarvassheia-Meungheia-Øyenskvilen, Namdalseid kommune

Prosjektområdet ligg i landskapsregionen "Fjordbygder i Møre og Trøndelag". Dette må oppfattast som ein samleregion for fleire ulike landskapstypar og strekkjer seg frå Romsdalsfjorden til Bindal i Nordland. Berggrunnen er hovudsakleg gneis med eit skiferbelte nord for Trondheimsfjorden og kaledonsk skifer og granitt lengst nord. Landforma er eit oppbrote forfjellsterreng med dei djupaste fjordane i sør og nord, der regionen grensar til alpine fjell. Lausavsetningar finst i dalbotnar og ofte er det breelvtterrassar i dei indre delane av fjordane. Klimaet er kjøleg oseanisk til svakt kontinentalt. Vegetasjonen sørvest for Trondheimsfjorden blir prega av furu- og bjørkeskog. Lenger nord går granskogen ut til kysten og er her tilpassa kystklimaet

(atlantisk barskog). Myrområde er utbredt. Edellauvskog finst, med naturleg nordgrense for eik på Nordmøre.

Kartleggingsområdet på Bjørfarvassheia-Meungheia-Øyenskavlen er representativt for fjellterrenget som høyrer til denne regionen. Her finn ein låge fjell med godt avrunda former. Vegetasjonen er dominert av myr, mest grasmyrer som også finst i sterkt hellande terreng. Heivegetasjonen er dominert av fuktheier og risheier på overgang mot røsslynghei. Det er lite av frodigare vegetasjonsinnslag.



Figur 2. Prosjektområda; frå nord Målselv, Namdalseid og Eksingedalen.

Mauken, Målselv kommune

Prosjektområdet ligg i regionen "Indre bygder i Troms". Det meste av denne ligg innafor den kaledonske fjellkjeda med vesentleg fyllitt og glimmerskifer. Den søndre delen har mektige U-dalar med store elver, omgjeve av platåfjell og høgare fjellmassiv. I nordaust har landskapet mjukare terrengformer gjennomskåre av den store Reisadalen. Klimatet er svakt kontinentalt med kald vinter og vekstsesong på ca. 120 dagar. Furuskog dominerer på flatene i dei søndre dalføra, med frodig bjørkeskog i dalsidene. Bjørke- og furuskog er også typisk for dei nordlege stroka.

Kartleggingsområdet i sida av Stormauken er representativt for fjellvegetasjonen i dei områda av regionen som har næringsrike bergartar. I bratte dalsider og langs bekkar og

dråg, får vi ein utruleg frodig høgstaudevegetasjon. Snøleia er ofte lågurtenger med høgt innslag av gras og urtar. Opplendte område vil vera dominert av rishei og rabbesamfunn vekslende av rik og fattig type. Større myrområde finst berre der terrenget flatar ut.

1.5. Vegetasjonskartlegging utført i prosjektområda

Leiro-Sørdalen

I 1991 vart det vegetasjonskartlagt 3,8 km² i Sørdalen etter system for detaljert kartlegging. Denne kartlegginga skulle tene som grunnlag for observasjonar av sauens bruk av ulike vegetasjonstypar. I 1992 vart kartlegginga supplert med ytterlegare 4,6 km² for å få med areal som hadde vore i bruk av 10 søyer med radiosendar for observasjon arealbruk gjennom beitesesongen.

Bjørfarvassheia-Meungheia-Øyenskavlen

I 1992 vart det her kartlagt 10 km² på Bjørfarvassheia, etter system for detaljert kartlegging. Dette som grunnlag for observasjon av sauens bruk av ulike vegetasjonstypar. I 1993 vart det i tillegg kartlagt 36 km² etter system for oversiktskartlegging, i eit område som dekkjer vestre Bjørfarvassheia, Meungheia, Levassheia, Godvasslihøvlan, sørsida av Øyenskavlen og meir lågareliggande areal ned mot Øyungen. Denne kartlegging skulle dekkje mest muleg av eit areal bruka av 10 radiomerkte søyer.

Mauken

Her vart det detaljkartlagt 7,4 km² på sørsida av fjellet Stormauken i Målselv kommune. På dette området vart det utført observasjonar av sauens bruk av ulike vegetasjonstypar.

Vegetasjonskartlegginga som er utført er nærare presentert i 5 arbeidsrapportar:

- Vegetasjon og beite i Sørdalen (Garmo, Balle og Rekdal 1992)
- Vegetasjon og beite i området Leiro-Sørdalen (Rekdal 1993)
- Vegetasjon og beite på Bjørfarvassheia (Rekdal 1993)
- Vegetasjon og beite i området Bjørfarvassheia-Meungheia-Øyenskavlen (Rekdal 1994).
- Vegetasjon og beite i Mauken (Rekdal og Bjørklund 1994)

2. LEIRO-SØRDALEN

2.1. Omtale av kartleggingsområdet

Det vegetasjonskartlagte området utgjør 8,4 km² og ligg mellom Sør dalen og Leiro. Sør dalen er ein sidedal til Eksingedalen. Dalen tek av mot sør frå Flatekvål og stig bratt opp til omlag 400 m o.h. Dalbotnen stig sidan slakt i 5 km og smalnar gradvis til inste enden som ligg på 900 m. Sør dalselvi avgrensar kartleggingsområdet i aust. Kartlegginga startar like over skoggrensa ved Nesstølen (600m) og omfattar vestsida av Sør dalen til inste enden. Her tek den trongare Saudalen med Saudalsvatnet (907 m), av i nordvestleg retning i 2 km. Mellom dalane ligg eit fjellparti med godt avrunda former med Saudalsnovi (1110 m) som høgaste punkt. Vestover frå Saudalen er landskapet meir småkupert, med mange mindre godt avrunda kollar før det kring 800 m stupar bratt ned mot Leirovatnet (325 m). Leirovatnet og den nedlagte garden Leiro ligg i ein botn inst i dalføret som tek av mot aust frå Eidslandet. I sør er kartleggingsområdet avgrensa av elva med Fjellfossen som renn ned i Leirovatnet, mot vest av Leiro dalen.




Fig 3. Prosjektområde Leiro-Sør dalen (utsnitt frå kartblad Hardanger, serie M 516, NGO).

Berggrunnen i kartleggingsområdet er gjennomgåande gneissbergartar som er tungt forvitterlege og gjev sparsamt med plantenæring. Lausmassedekket er svært tynt over 800-900 m, med store parti av bart fjell. I bratte dalsider er det ofte rasmarker som kan gje god tilgang på vatn og næring for plantevokster. Dette finn ein særleg i dalsidene ned mot Leiro, men òg i Sørдалen og Fjellfossbotnen. Fjellpartia er prega av mange små sprekkedalar i retning SV-NØ.

Klimatisk har området kystpreg. Eksingedalen har årleg nedbør på 2328 mm, det meste kjem i perioden september til januar. Middeltemperatur for året er 4,6°C, høgast i juli 13,5° og lågast i februar -2,1° (Statens kornforretning 1955). Nedbøren er truleg vesentleg høgare i fjellstroka og temperaturen kan ein rekne med avtar 0,6°C for kvar 100 m ein stig i høgde.

2.2. Vegetasjon og beite

Ned mot Leirovatnet (325 m o.h.) ligg vollane på den nedlagte garden Leiro. Marka her er enda svært prega av kulturpåverknad og er klassifisert som kalkfattig fukteng (G1). Ein del av arealet er meir myrprega. Innafor Leiro ligg areal med fattig fast-mattemyr (K3) med blåtopp, bjønnskjegg, klokkelyng og rome som dominerande artar. Frå Leiro stig terrenget bratt opp til 700-800 m. Ved 600 m er det lite av skog att. Blåbærskog (A4b) og småbregneskog (A5b) er dominerande, med innslag av stor-bregneskog (C1c) på dei rikaste plassane og røsslyng-blokkebærskog (A3) på skrinne og grunnlendte areal. Småbregne- og storbregneskogen er oftast svært kulturpåverka med høgt innhald av grasartar som sølvbunke, skogrørkvein, engkvein, smyle og gulaks. Over skogen finn vi mange stadar rasmarker med god næringstilgang. Dette gjeld særleg området på austsida av Leirodalen fram til slåene ovafor Leiro, og mellom Fjellfossen og Kupane. I rasmerkene finn vi bregneenger (S5b), men ofte så kultiverte av beiting at bregnene er fortrent til fordel for grasartar. Ein heilt spesiell lokalitet finn vi i rasmarka og på slåene rett ovafor Leiro der vegetasjonen er så kulturpåverka at lite av preget frå opphavstypen er tilbake.

Brattkanten opp frå dalen flatar ut kring 700-800 m. I overgangen er blåbær-blålynghei (S3b) dominerande vegetasjonstype. Utforminga her er ofte tørr med dominans av røsslyng og lite innhald av beiteplanter. Innover fjellet dominerer røsslynghei av fukttype (S1b) og grassnøleie av finnskjeggttype (T1a), til ein stig opp mot Kupefjellet og mot Saudalen, der greplyngrabbar av gråmosetype (R1c) og musøresnøleie (T4) overtek dominansen. Det meste av fjellpartiet har høg dekning av bart fjell og skrinn vegetasjon som har liten verdi som sauebeite. Unnataket er Fjellfossbotnen som skjer seg inn mot Saudalen. Her er det frodigare med bregneenger og blåbær-blålyngheier med større innhald av beiteplanter.

Saudalen har svært skrinn vegetasjon til ein kjem i indre enden av dalen. I austsida finn ein her bregneenger og dalbotnen har fine smyle-gulakssnøleie. Fjellområdet mellom Saudalen og Sørдалen er svært skrinnt og har liten beiteverdi for sau. Her dominerer greplyngrabbar av gråmosetype og musøresnøleie samt røsslyngheier av fukttype der bjønnskjegg er dominerande art. Finnskjeggsnøleie finst jamt, men det er lite av beiteplanter i typen i denne høgda. All vegetasjon er skrinn med høgt innslag av bart fjell.

Botnen av Sjørdalen opp til omlag 800 m o.h., er dominert av blåbær-blålynghei med høgt smyleinnhald. Fattig fastmattemyr med varierende dominans mellom blåtopp, bjønnskjegg og torvull har godt innslag ned mot Nesstølen. Kring stølen ligg kulturskapt engsamfunn av fuktengtype. Nedanfor dei store svaa i lisida er det innslag av frodigare samfunn som bregneeng og fattig høgstaudeeng/kratt (S6a). Røsslynghei av fukttype forekjem jamt i dalbotnen og i lisida på grunnlendte areal med vassig over berget. I øvre delar av dalen blir snøleia meir framtrudande. Grassnøleie av finnskjeggttype (T1a) er dominerande, men det er også innslag av smyle-gulaks-typen (T1b) som gjev svært gode beite.

Tabell 1. Vegetasjonstypar på vegetasjonskart Leiro-Sjørdalen og i observasjonsområdet for arealbruk i Sjørdalen (i dekar og prosent av kartlagt areal).

VEGETASJONSTYPE	Leiro-Sjørdalen		Sjørdalen	
	daa	%	daa	%
A3b RØSSLYNG-BLOKKEBÆRSKOG, fjellskogtype	83	1,0		
A3d RØSSLYNG-BLOKKEBÆRSKOG, fuktskogtype	33	0,4		
A4b BLÅBÆRSKOG, blåbær-skrubbærttype	208	2,5		
A5b SMÅBREGNESKOG, bregne-skrubbærttype	150	1,8	3	0,1
C1c STORBREGNESKOG, storbregne-fjellbjørketype	45	0,5	4	0,2
E2a FATTIG SUMPSKOG, gran-bjørketype	6	0,1		
G1 KALKFATTIG FUKTENG	23	0,3	6	0,3
J2 OMBROTROF TUVEMYR	4	0,1		
K3 FATTIG FASTMATTEMYR	134	1,6	54	2,5
R1c GREPLYNGLAV/MOSERABB, gråmosetype	1032	12,3	82	3,8
S1a ALPIN RØSSLYNGHEI, tørr type	70	0,8	7	0,3
S1b ALPIN RØSSLYNGHEI, humid type	176262	21,0	370	17,3
S3b BLÅBÆR-BLÅLYNGHEI, skrubbærttype	7	8,8	311	14,5
S5b ALPIN BREGNEENG, bregne-grastype	41 280	3,3	40	1,9
S6a FATTIG HØGSTAUDEENG/KRATT, fattig type	10	0,1	10	0,5
T1a GRASSNØLEIE, finnskjeggttype	1172	14,0	395	18,5
T1b GRASSNØLEIE, smyle-gulakstype	139	1,7	89	4,1
T1c GRASSNØLEIE, stivstorrtype	33	0,4		
T2a FATTIG ENGSNØLEIE, engsoleie-gulakstype	4	0,0	4	0,2
T4a MUSØRESNØLEIE, musøre-moselyngtype	295	3,5	90	4,2
T4b MUSØRESNØLEIE, mosetype	414	4,9	65	3,0
ANDRE AREALTYPAR				
Bart fjell, blokkmark	1305	15,6	528	24,7
Vatn	405	4,8	79	3,7
Snøfonner	44	0,5	3	0,1
SUM	8 391	100	2140	100

Samla utgjer Leiro-Sjørdalen eit godt til mykje godt beiteområde. I liene ved Leiro finn ein det beste beitet, men på grunn av at det her kjem tidleg vil kvaliteten gå ned utover sommaren. På Leirosida er høgfjellet svært skrinnt med unntak av Fjellfoss-botnen. Sjørdalen fyller derfor godt ut beitet ved Leiro. Her er det særleg blåbær-blålyngheia som er verdifull som beite, i tillegg til at det finst ein del grasrike snøleie som gjev tilgang på ferskt beite langt utover sommaren.




Foto nr. 1.
Det meste av fjell-
området mellom Leiro
og Sørtdalen har høg
dekning av bart fjell
og skrinne vegetasjon
som har liten verdi
som beite.




Foto nr. 2.
I dei bratte dalsidene
ned mot Leiro finn ein
frodige storbregneenger
i rasmarkene. På grunn
av langvarig beite vil
bregnene mange stadar
vera heilt borte. I
staden får ein eit tett
grasdekke som på
biletet. Dette er dei
mest verdfulle
beiteareala i området.




Foto nr. 3.
Blåbær-blålyngheia i
Sørtdalen har gjerne
god dekning av smyle
og blåbær. Dette er
derfor verdfulle
beite. Elles i
kartleggingsområdet
forekjem ofte ei
tørrare utforming
av typen med mindre
beiteplanter.

Tabell 2. Fordeling av beitekvalitetar i området Leiro-Sørdalen

Beiteverdi	Leiro-Sørdalen		Sørdalen	
	daa	%	daa	%
Svært godt	153	1,8	6	0,3
Mykje godt	453	5,3	129	6,0
Godt	1534	18,4	622	29,0
Mindre godt	3339	39,8	522	24,4
Dårleg	1158	13,8	251	11,7
Ikkje beite	1754	20,9	610	28,4
SUM	8391	100	2140	100

Beitekartet som er utarbeidd ut frå vegetasjonsskart Leiro-Sørdalen, baserer seg på dei beiteverdiane som er sett i neste avsnitt. For typar der høgdeforholda har betydning for utformingar og dermed beiteverdi, er 800 m koten bruka som skille mellom høgtliggande og lågtliggande utformingar. Tilleggssymbol for dekning av bart fjell eller blokkar er også trekt med i vurderinga, slik at typar som har meir enn 50 % impediment blir senka ein grad i beiteverdi. For å vise sesongvariasjon i betydninga av dei ulike vegetasjonstypane, er det bruka raster for å framheve typar som i første rekkje er tilgjengeleg på seinsommar/haust.

2.3. Omtale av kartlagte vegetasjonstypar

I dette avsnittet er det gjeve ein omtale av vegetasjonstypane som forekjem i kartleggingsområdet med omsyn på arsutval, veksetilhøve, forekomst og beiteverdi.

A3b RØSSLYNG-BLOKKEBÆRSKOG. FJELLSKOGTYPE. Lågvaksen bjørkeskog på næringsfattig, lett til middels drenert jord og grunnlende. Vegetasjonen er artsfattig og dominert av artar som røsslyng, krekling og blokkebær. I dalsida ned mot Leiro vil det meste av grunnlendte areal vera dekt av denne typen.

Beiteverdi: Her finn vi lite av beiteplanter og typen er mindre godt beite.

A3d RØSSLYNG-BLOKKEBÆRSKOG. FUKTSKOGTYPE. Lågvaksen bjørkeskog på næringsfattig og fuktig grunn (ikkje forsumpa). Typen har eit markert innslag av meir fuktigheitskrevande artar. Blåtopp er dominerande art i feltsjiktet.

Beiteverdi: Forekomst av blåtopp gjev bedre beiteverdi enn forrige type (mindre godt - godt beite).

A4b BLÅBÆRSKOG. BLÅBÆR-SKRUBBÆRTYPE. Artsfattig bjørkeskog (mindre areal er tilplanta med gran) på stader med moderat tilgang på næring og vatn. Vegetasjonen er dominert av blåbær, blokkebær, smyle og etasjehusmose. Skrubbær forekjem konstant i feltsjiktet og kan vera dominerande art. Dekkjer større areal i dalsida ned mot Leiro.

Beiteverdi: Kan ha god dekning av smyle (godt beite). Eit mindre areal tilplanta med gran har svært lite feltsjikt (mindre godt beite).

A5b SMÅBREGNESKOG. BREGNE-SKRUBBÆRTYPE. Bjørkeskog med bedre vassforsyning enn forrige type. Dominans av blåbær, skrubbær og småbregnene fugletelg og hengeveng. I botnsjiktet finn vi eit frodig moseteippe. Innslaget av bregnene sauetelg og smørtelg kan også vera betydeleg. Smyle, gulaks og engkvein kan ha høgt innslag i sterkt beita utformingar. Denne typen er saman med foregåande type, dominerande i dalsida ned mot Leiro.

Beiteverdi: Det meste av arealet er svært beitepåverka og har eit høgt innhald av grasartane smyle, gulaks og engkvein. Slike utformingar er gjeve tilleggssymbolet g og er mykje godt beite. Utformingar utan kulturpåverknad er godt beite.

C1c STORBREGNESKOG. STORBREGNE-FJELLBJØRKTYPE. Høgproduktiv bjørkeskog i lisdier med god tilgang på næring og vatn. Skogbotnen er vanlegvis dominert av store bregner, først og fremst skogburkne, men også sauetelg, fjellburkne og smørtelg. Sølvbunke og engkvein kan ha høgt innslag i sterkt beita utformingar. Går over i alpin bregneeng (S5) over skoggrensa. Ein del areal av typen finst på frisk mark i dalsida ned mot Leiro, ofte i mosaikk med småbregneskog.

Beiteverdi: I normale utformingar av typen vil bregnedekninga oftast vera høg slik at andre planter blir skugga ut. Ved sida av bregnene vil det kunne finnast innslag av høge urtar og meir grovvaksne gras som skogrørkvein. Slike areal utgjer sjeldan bedre enn godt beite for sau og blir helst beita før bregnene kjem opp. Kring Leiro er det meste av denne typen svært påverka av beite. Det meste av bregnene er trakka ned og erstatta av grasartar som sølvbunke, skogrørkvein og engkvein. Denne utforminga utgjer svært godt - mykje godt beite.

E2a FATTIG SUMPSKOG, BJØRKETYPE. Skranten, seintveksande bjørkeskog på forsumpa, næringsfattig mark. Feltsjiktet er dominert av storrartar, lyngartar og blåtopp.

Beiteverdi: Vanlegvis for våt til at sau beitar her. Mindre godt beite.

G1 KALKFATTIG FUKTENG. Dette er tidlegare kulturmark eller andre sterkt beita lokalitetar. Feltsjikt av lite næringskrevande og ofte fuktigheitskrevande, grasaktige vekstar som kvein-, storr- og sivartar; urtar er av underordna betydning. Botnsjikt av mosar er svært varierende både i dekning og artssamansetning. Areal av denne typen finn vi kring Nesstølen og på vollane på Leiro.

Beiteverdi: Dette er vegetasjon som gjennom lang tids kulturpåverknad har fått ei tett grasmatte. Svært godt - mykje godt beite.

J2 OMBROTROF TUVEMYR. Tuvevegetasjon på myrflate med nøysame artar som berre får næring og vatn frå nedbøren. Dominerande artar er røsslyng, torvull, molte, krekling og bjønnskjegg. Botnsjiktet er tett og frodig dominert av torvmosar og gråmose.

Beiteverdi: Svært lite av beiteplanter. Mindre godt beite.

K3 FATTIG FASTMATTEMYR: Næringsfattig jordvassmyr. Feltsjiktet er dominert av blåtopp, bjønnskjegg og torvull. Rome har ofte høgt innslag. Botnsjiktet består av torvmosar.

Beiteverdi: Blåtopp, ulike storrartar og duskull kan ha beiteverdi. Myrene i Sjørdalen er faste og blir ein del beita. Mindre godt - godt beite. Innafor Leiro er det stort romeinnslag i myrar av denne typen, som begrensar beiteverdien. Mindre godt beite.

R1c GREPLYNG-LAV/MOSERABB. GRÅMOSETYPE. Eksponerte rygger med tynt jordlag. Grunnen er veldrenert og næringsfattig. Snødekket om vinteren er sparsamt. Artsfattig, lågvaksen vegetasjon med eit ope feltsjikt, dominert av krypande lyngartar. Tett matte av gråmose, med lite lav. Dominerande type på rabbar over 800 m o.h.

Beiteverdi: Her finn vi lite av beiteplanter for sau, men i eit beiteområde vil innslag av rabbar ha betydning som "kvileland". Mindre godt beite.

S1a ALPIN RØSSLYNGHEI. TØRR TYPE. Stabil, veldrenert og næringsfattig grunn med moderat snødekke, men tidleg utsmelting. Vegetasjonen har eit tett feltsjikt med røsslyng som dominerande art og botnsjikt av mosar, spesielt etasjehusmose. Lite representert vegetasjonstype.

Beiteverdi: Av beiteplanter kan smyle få eit visst innslag. Mindre godt - godt beite.

S1b ALPIN RØSSLYNGHEI. HUMID TYPE. Overgangstype mellom fastmark og myr. Opptreer helst i hellande terreng med dårleg drenering og stabilt snødekke. Det finst oftast eit tjukt råhumuslag. Typen kan også opptre på grunnlendt mark som er influert av sigevatn. Vegetasjonen er dominert av blåtopp og bjønnskjegg og stadvis finnskjegg. Den siste blir dominerande på dei høgastliggande partia. Dominerande vegetasjonstype i snauffjellet på stadar med dårleg drenering og med moderat snødekke.

Beiteverdi: Blåtopp er den einaste planta som i større grad vil bli beita. Dekningsgraden av blåtopp vil vera svært låg i høgareliggande område. Beiteverdien vil vera god - mindre god i lågareliggande utformingar, mindre god i dei høgtliggande områda. På beitekartet er grensa mellom desse utformingane sett ved 800 m.

S3b BLÅBÆR-BLÅLYNGHEI. SKRUBBÆRTYPE. På stader med moderat tilgang på næring og vatn. Snødekket er stabilt, men ikkje langvarig. Artsfattig, lyngdominert vegetasjon. Blåbær, krekling og røsslyng har størst innslag. Smyle kan ha betydeleg innslag, det same gjeld skrubbær. I botnsjiktet er mose dominerande.

Beiteverdi: I Sjørdalen er det denne vegetasjonstypen som kvantitativt betyr mest for beitet. Utforminga her har høg dekning av smyle. Godt beite. Typen har også høg dekning i øvre del av lisida ovafor Leiro. Utforminga her står på overgangen mot røsslynghei og har langt mindre av beiteplanter (godt - mindre godt beite). Denne utforminga er merka med r på vegetasjonskartet. I Fjellfosshotnen finn vi litt av den same smylerike utforminga som i Sjørdalen.

S5b ALPIN BREGNE-ENG. BREGNE-GRASTYPE. I bratte lisider og rasmarker med god tilgang på næring og vatn. Frodig vegetasjon med høg planteproduksjon. Feltsjikt dominert av store bregner (telg, burkne) og med innslag av urtar og gras. Normalt utan busksjikt, men noko vier kan forekoma. Spreidt botnsjikt av krypande mosar. Sølvbunke, engkvein og skogrørkvein kan ha høgt innslag i sterkt beita utformingar. Finst under sva og i rasmarker i dalføra i kartleggingsområdet.

Beiteverdi: Vegetasjonstype som smeltar tidleg ut og er svært viktige beite tidleg i sesongen. Ut over sommaren kan bregnene vekse til og skugge ut andre planter. Dette området er imidlertid så sterkt beita at bregnevoksteren på det meste av arealet ikkje er så tett. Mykje godt - godt beite. I dalsidene ned mot Leiro er beitepåverknaden så sterk at det meste av bregnene er fortrent til fordel for grasartar som sølvbunke, skogrørkvein og engkvein. Desse areala har fått tilleggsymbolet g og utgjer eit svært godt - mykje godt beite. Ein heilt spesiell lokalitet finn vi i rasmerkene og på slåene ovafor Leiro. Her

er kulturpåverknaden så sterk at lite av preget til opphavstypen er tilbake. Desse areala er svært godt beite.

S6a FATTIG HØGSTAUDEENG/KRATT. FATTIG TYPE. Vegetasjon med busksjikt av tette gråvierkratt (mest lappvier) og med frodig og produktiv feltsjikt av storvaksne gras og urtar. Dårlig utvikla botnsjikt av mosar. Finst under sva og i rasmarker i Sjørdalen, elles lite representert type.

Beiteverdi: Produksjonen av beiteplanter er høg. Mykje godt beite.

T1a GRASSNØLEIE. FINNSKJEGGTYPE. På næringsfattig grunn med tjukt og langvarig snødekke som smeltar ut i slutten av juni eller byrjinga av juli. Ofte på stader der vatn stagnerer med isdanning om vinteren. Stort sett artsfattig vegetasjon ofte totalt dominert av finnskjegg. Botnsjiktet er svært dårleg utvikla eller manglar.

Beiteverdi: Finnskjegg som er ein grasart som blir lite beita, kan ha stor dominans. I dei lågaste områda kan innslaget av gulaks og smyle vera betydeleg og dette er viktige seinsommar/haustbeite. Godt - mindre godt beite i lågareliggande område. Mindre godt beite på høgtliggande areal. Skillet mellom utformingane er sett ved 800 m.

T1b GRASSNØLEIE. SMYLE-GULAKSTYPE. Moderat snøleie som smeltar ut i juli. På stader med bedre drenering enn forrige type. Næringstilgangen er moderat. Artsfattig vegetasjon, dominert av smyle, gulaks og fjellmarikåpe. Typen er finst berre spreidd i kartleggingsområdet.

Beiteverdi: Typen vil ha høg dekning av grasartane smyle og gulaks som begge er gode beiteplanter. Dette er viktige seinsommar/haustbeite. Mykje godt beite.

T1c GRASSNØLEIE. STIVSTORRTYPE. På næringsfattig, ofte sesongfuktig mark med tjukt snødekke som smeltar ut i juli. Artsfattig vegetasjon, dominert av stivstorr. Velutvikla botnsjikt av bjørnemosar. Lite representert vegetasjonstype.

Beiteverdi: Stivstorr vil vera dominerande art, men vegetasjonsdekket kan vera tynt. Godt beite.

T2a FATTIG ENGSNØLEIE. ENGSOLEIE-GULAKSTYPE

Artsrikt, frodig samfunn prega av småvaksne urtar og gras. Engsoleie og gulaks spelar ofte stor rolle saman med artar frå grassnøleie som smyle og stivstorr. Botnsjikt dårleg utvikla. Lite representert type.

Beiteverdi: Høg dekning av beiteplanter av både urtar og gras. Mykje godt beite.

T4a MUSØRESNØLEIE. MUSØRE-MOSELYNGTYPE. Ekstremt snøleie som smeltar fram i juli/august. Marka er næringsfattig. Vegetasjonen består av ei tett matte av musøre og/eller moselyng og lågvaksne mosar. Spreidde urtar og gras forekjem. Utgjer saman med T4b større areal i dei høgastliggande områda.

Beiteverdi: Vegetasjonsdekket er tynt, men sauene går gjerne og nappar i det som finst på varme dagar ut over hausten. Mindre godt beite.

T4b MUSØRESNØLEIE. MOSETYPE. Ekstremt snøleie som smeltar fram i august. Feltsjikt manglar eller består av spreidde individ av musøre, urtar, gras og halvgras. Tett mosematte som ofte er brote opp av naken jord, grus og stein.

Beiteverdi: Her finst det svært lite av beiteplanter. Dårleg beite.

3. BJØRFARVASSHEIA-MEUNGHEIA-ØYENSKAVLEN

3.1. Omtale av kartleggingsområdet

Kartleggingsområdet ligg på Fosenhalvøya. Det meste av arealet er innafør i Namdalseid kommune i Nord-Trøndelag, medan mindre delar i nord og vest går inn kommunane Osen og Flatanger i Sør-Trøndelag. I alt er 46 km² kartlagt i eit område som dekkjer vestre Bjørfarvassheia, Meungheia, Levassheia, Godvasslihøvlan, sørsida av Øyenskavlen og meir lågareliggende areal ned mot Øyungen.

Bjørfarvassheia er eit småkupert terreng med mange godt avrunda kollar. Det meste ligg over skoggrensa. Frå Bjørfarvatnet og Langvatna stig terrenget ganske bratt opp til 400 m, sidan slakare til toppar opp mot 500 m. Eit dalføre skjer seg inn frå Langvatna mot nordaust til Småsalan. Sør og aust for Bjørfarvassheia søkk terrenget og går over i eit stort myrområde kring 300 m mot Godvasslihøvlan. I sørvest ligg Levassheia og Meungheia. Dette er eit småkupert heiparti med høgder frå 200 til 400 m. Berre dei høgaste kollane stig over skoggrensa. Sørsida av Øyenskavlen (687 m) utgjer den austlege delen av kartleggingsområdet. Her får terrenget større former med den høge dalsida opp til toppen av Øyenskavlen, daltrau frå Joslettet til Granmyr-haugen og kring Øyenskavltjønna (180 m), og flate myrområde etter Sandvasselva. Sørøst i kartleggingsområdet søkk terrenget gradvis ned mot litle Øyungen (112 m) og store Blåvatnet (127 m).




Fig. 4. Prosjektområde Bjørfarvassheia-Meungheia-Øyenskavlen. (Utsnitt frå kartblad Namsos, serie M 516, NGO).

Berggrunnen i kartleggingsområdet er gjennomgåande gneissbergartar som er tungt forvitterlege og gjev sparsamt med plantenæring. Lausmassedekket er tynt eller manglande på dei høgastliggande partia, med store innslag av bart fjell. Store areal har berre humusdekke over fjellet. God lausmassedekning finn ein først under 250-300 m. Det vil seie i første rekkje i områda ned mot Øyungen.

Klimatisk har området sterkt kystpreg. Namdalseid har årssnedbør på 1115 mm i normalperioden (1931-60). Nedbøren viser sterk stigning etter som ein kjem vestover. Nedbøren på Bjørfarvassheia vil truleg vera meir lik målingar frå Måmyr i Roan som viser 2047 mm. Mai, juni og juli har minst nedbør, medan oktober er nedbørrikast. Det er ingen temperaturmålestasjonar i Nord-Fosenområdet. Meteorologisk institutt har berekna temperaturar for dette området ut frå målingar frå Vallersund lengre sør. For frittliggande, godt ventilerte område på Nord-Fosen vil ein ha følgande middeltemperatur for eit normalår: 300 m o.h. 4,4°C, 400 m 3,8°C (Moen og Selnes 1979).

3.2. Vegetasjonen og beite

Vegetasjonen i kartleggingsområdet er her beskrive både ut frå system for oversiktskartlegging og system for detaljert kartlegging. Einingar frå det detaljerte systemet er nemnt som utformingar for å utdjupe innhaldet i oversiktseiningane. Signaturen i oversiktseiningane har alltid tal + liten bokstav (9c), medan detaljeiningane har stor bokstav + tal + evt. liten bokstav (A4c). Det er teke med arealtal for Bjørfarvassheia som vart kartlagt etter system for detaljkartlegging.

Vegetasjonen i området er svært kystprega. Dette gjev seg utslag i kva vegetasjons-typar som forekjem og i utforminga av dei enkelte vegetasjonstypane. Myr utgjer 35% av det kartlagte arealet og har stor utbreiing både over og under skoggrensa. Myrfrekvensen er størst i områda kring skoggrensa. 80% av myrarealet er grasmyr (9c) av type fattig fastmattemyr (K3) som går frå flatt til sterkt hellande terreng (22° helling er registrert av Moen og Selnes (1979)). Feltsjiktet har varierende dominans av artar som blåtopp, bjønnskjegg, rome, duskull og torvull. Flaskestorr kjem inn på våte parti. Vanlege artar elles er tepperot, klokkelyng, sveltstorr og kvitlyng. Typen kan ha høg dekning av bjørkekratt i sonen like over skoggrensa. Der grunnvatnet er høgtstående heile året dominerer artar som flaskestorr, trådstorr, duskull og dystorr (blautmyr 9d av type fattig mjukmatte/lausbotnmyr K4).

Grasmyrane, særleg der desse får ei viss helling, er stort sett faste og blir beita ein god del også av sau. Blåtopp, duskull og storrartar er her dei beste beiteplantene. Innslaget av beiteplanter er ofte best i bakkemyrane. Romedekninga er svært høg i dei lågareliggande områda, men blir mindre med høgda. Beitekvaliteten på myrane er derfor størst i dei høgastliggande i områda som på Bjørfarvassheia.

På store flate myrparti under skoggrensa dominerer ofte ei skinn utforming av grasmyr på overgang mot nedbørsmyr. Denne utforminga er kalla bjønnskjeggmyr (9b) og som namnet seier er bjønnskjegg totalt dominerande art, med mindre innslag av andre artar både frå grasmyr og rismyr. Typen forekjem ofte i mosaikk med desse myrtypane. I dette området er mosaikk med grasmyr vanlegast, der grasmyra kjem inn i område med



Foto nr. 4.
Delar av kartleggingsområdet sett frå vestre Bjørfarvassheia mot Øyenskavlen.



Foto nr. 5.
Alpin fukthei er ein vanleg vegetasjonstype i området. Dette er ein overgangstype mellom fastmark og myr. Innslag av bjørkekratt er vanleg. Beiteverdien varierer etter kor stor dekning ein har av grasarten blåtopp.




Foto nr. 6.
Det beste beitet finn ein på hogstflater i granskogen som her ved Lonhalla. Beiteverdien vil falle tidleg på desse flatene, slik skogen etter kvart blir viktigare.

meir rørsle i jordvatnet, som til dømes mot kantar eller langs bekkar og når terrenget får meir helling. På nordsida av Svartlona og i områda langs Sandvasselva er det store areal av bjønnskjeggmyr som til saman utgjer 3,7% av kartleggingsarealet. Innhaldet av beiteplanter er her svært lågt.

Tabell 3. Vegetasjonstypar på vegetasjonskart Bjørfarvassheia-Meungheia-Øyenskvallen (i dekar og prosent av kartlagt landareal).

VEGETASJONSTYPER	Dekar	%
1b Grassnøleie	27	0,1
2c Gråmosehei	1 695	3,7
2e Rishei	3 166	6,9
2f Røsslynghei	2 085	4,5
2g Fukthei	2 591	5,6
3b Høgstaudeeng	43	0,1
4b Blåbærbjørkeskog	309	0,7
4c Engbjørkeskog	230	0,5
6a Lav- og lyngrik furuskog	6 590	14,3
6b Blåbærfuruskog	45	0,1
7a Lav- og lyngrik granskog	47	0,1
7b Blåbærgranskog	8 120	17,6
7c Enggranskog	613	1,3
8a Fuktskog	2 771	6,0
8b Myrskog	169	0,4
8c Fattig sumpskog	1 124	2,4
9a Rismyr	1 586	3,4
9b Bjønnskjeggmyr	1 713	3,7
9c Grasmyr	12 857	27,9
9d Blautmyr	79	0,2
9e Storrump	31	0,1
11a Dyrka mark	8	0,0
11b Beitevoll	22	0,0
12c Bart fjell	174	0,4
12f Anna nytta impediment	5	0,0
SUM	46 101	100

Rismyr (9a) har høg dekning i partiet frå Godvasslihøvlan til Olvatnet. Det meste av dette er ombrotrof tuvemyr (J2d) dominert av artar som bjønnskjegg, røsslyng, krekling, molte og torvull. Slike areal har liten verdi som beite. Ei blanding mellom jordvassmyr og nedbørsmyr forekjem vanleg. Her finn vi ombrotrof vegetasjon på tuvane, mens fattigmyra sine artar dominerer i mellom. Slike areal er klassifisert som mosaikk mellom 9c og 9a. I det detaljerte systemet tilsvarar dette type K2b, fattig tuvemyr, røsslyngkystheitype. Til saman utgjer rismyr 3,4% av det kartlagte arealet.

Skoggrensa i området går ved 300-350 m o.h. På skogareala er furu dominerande treslag på skrinn mark, medan gran tek over der ein får bedre lausmassedekning og aukande

næringsforsyning. Lauvinnslaget i skogen er varierende, dominans av lauv finn vi i første rekkje på litt bedre mark som i lia på vestsida av Bjørfarvatnet og i sør- og vestsida av Olvasskollen.

Furuskogen finst i første rekkje på grunnlendte kollar opp mot skoggrensa. Det meste av arealet er av lyngrik type (6a, 14% av kartlagt areal), utforming røsslyng-blokkebærtype (A3c). Her dominerer røsslyng, krekling, blokkebær og blåbær. På areal med tjukk torvaktig råhumus, gjerne rett på berget, finn ein ofte fuktutformingar av furuskog (6%) som er klassifisert som fuktskog (8a), utforming (A3d). Her er det høgt innslag av myrplanter som bjønnskjegg, blåtopp, rome og torvull. Større areal av denne utforminga finst på Meungheia og Levassheia. 6a og 8a kan ligge nær opp til kvarandre og var ofte vanskeleg å skille. Furuskogen i området har liten beiteverdi, fukttypen vil variere etter innslag av blåtopp.

Der lausmassedekninga blir bedre blir som regel furua utkonkurrert av gran. Størst areal finn vi av blåbærskog (7b) av blåbærtype (A4b) (18%), som finst på areal som er moderat drenert. Skogbotnen her er dominert av blåbær, dessutan inngår tyttebær, smyle, skrubbær, skogstjerne m.fl. Fuktprega utformingar kan forekoma med innslag av molte, skogsnelle og torvmosar. Ved litt bedre tilgang på næring og vatn får vi ei småbregneutforming (A5b). Her kan småbregnene hengeveng og fugletelg ofte dominere. Den større bregna, sauetelg, kan òg forekoma jamt. Blåbær og smyle vil framleis ha høg dekning. Under 250 m o.h. er granskogen mykje prega av skogbruk, med skog av ulik alder. Hogstflatene vil få godt oppslag av gras og vil vera attraktive beite fram til ny skog igjen blir dekkande.

I bratte lisider med god lausmassedekning og næringsrikt vassig, får vi innslag av enggranskog(7c) og engbjørkeskog (4c) av utforming storbregneskog(C1b)(1,8%). Denne skogtypen er oftast blandingsskog mellom bjørk og gran. I feltsjiktet er dekninga stor av bregner som skogburkne, smørtelg, ormetelg, sauetelg og hengeveng. Av grasartar finn vi skogrørkvein og smyle medan gulaks, sølvbunke og myskegras opptre sjeldnare. Av litt meir krevande urtar finn vi innslag av turt, skogstorkenebb, engsyre og marikåpe. Granskogen under 250 m vil også for denne typen vera prega av skogbruk. Hogstflatene vil få godt oppslag av gras og er kanskje dei beste beita i dette området.

Ein del av skogarealet er forsumpa ofte også i terreng med god helling. Vegetasjonstypen her er fattig sumpskog (8c) (2,4%) av utforming E2a fattig sumpskog, med artar som trådsiv, skogsnelle, molte, duskull, torvull og skrubbær. Gran er oftast dominerande i tresjiktet.

Det meste av kartleggingsarealet på Bjørfarvassheia og i sida av Øyenskavlen, ligg over skoggrensa. Det same gjeld mindre areal på Meungheia og Levassheia. Dominerande vegetasjonstypar her er gråmosehei (2c), rishei (2e), røsslynghei (2f) og fukthei (2g). Fuktheia er av røsslynghei fukttype (S1b), og vil innta areal med dårleg drenering og moderat snødekke vinterstid. Særleg i sida opp mot Øyenskavlen utgjør denne typen store areal, her ofte med høgt innslag av bart fjell. Blåtopp og bjønnskjegg er dominerande artar i typen, men ein kan òg ha eit betydeleg innslag av blåbær og røsslyng. Andre vanlege artar er tepperot, blokkebær, rome, finnskjegg og skrubbær. Høgt blåtoppinnslag gjev denne typen ein viss beiteverdi.

I dette området finn ein vanleg ei krattsone like over skoggrensa, mest av bjørk, men også innslag av gran. Denne sona strekkjer seg omlag til 400 m o.h. Bjørka kan vera kring mannshøgde og svært tett, men blir lågare etter kvart som ein kjem i høgda, og til slutt krypande mest som dvergbjørk. Dette krattet finn vi først og fremst i fukthei, rishei, men også på grasmyr og røsslynghei. Kartlegging av desse kratta er vanskeleg da dei er tunge å ta seg fram i, og ein ser undervegetasjonen berre på kort hald. Desse areala er fordelt på dei fire aktuelle vegetasjonstypene ved feltkontrollar og elles tolking etter terrengform, nærheit til bekkar m.m. Ein del feilkartlegging kan forekoma.

Tabell 4. Vegetasjonstypar på vegetasjonskart Bjørfarvassheia
(i dekar og prosent av kartlagt areal)

VEGETASJONSTYPE	Daa	%
A3c RØSSLYNG-BLOKKEBÆRSKOG, skrubbærtype	149	1,5
A3d RØSSLYNG-BLOKKEBÆRSKOG, fuktskogtype	20	0,2
A4b BLÅBÆRSKOG, skrubbærtype	689	6,7
A5b SMÅBREGNESKOG, skrubbærtype	192	1,9
C1b STORBREGNESKOG, storbregne-bjørketype	341	3,3
E2a FATTIG SUMPSKOG, gran-bjørketype	349	3,4
J1 OMBROTROF SKOGMYR	8	0,1
J2d OMBROTROF TUVEMYR, rypebær-gråmosetype	170	1,7
J3 OMBROTROF FASTMATTEMYR	23	0,2
K1a FATTIG SKOG/KRATTEMYR, skogmyrtype	45	0,4
K1b FATTIG SKOG/KRATTEMYR, krattmyrtype	129	1,2
K2b FATTIG TUVEMYR, røsslyng-kystheitype	528	5,1
K3 FATTIG FASTMATTEMYR	3 312	32,3
K4 FATTIG MJUKMATTE/LAUSBOTNMYR	28	0,3
R1c GREPLYNGLAV/MOSERABB, gråmosetype	1 124	11,0
S1a ALPIN RØSSLYNGHEI, tørr type	34	0,3
S1b ALPIN RØSSLYNGHEI, humid type	1 016	9,9
S3b BLÅBÆR-BLÅLYNGHEI, skrubbær-type	1 762	17,2
S5b ALPIN BREGNEENG, bregne-gras-type	24	0,2
T1a GRASSNØLEIE, finnskjegg-type	27	0,3
VATN	298	2,9
SUM	10 268	100

Omlag på dei same lokalitetane som forrige type finn vi risheia (2e). På grunn av at typen krev bedre drenering finn vi denne helst i terreng med større helling enn fuktheia. Blåbær er dominerande art, med innslag av krekling, smyle, blokkebær og skrubbær. Stivstorr går vanleg inn i typen. På høgtliggande lokalitetar er oppfrysing-tuver vanleg i typen. Kratt av bjørk er vanleg i sonen over skoggrensa. Den dominerande utforminga av blåbærheia er blåbær-blålynghei (S3b). Både i fukthei og blåbærheia vil areala med krattdekning oftast ha meir beiteplanter og dermed ha høgare beiteverdi. Desse kratta er også attraktive beiteplassar på grunn av insektsplagen som kan vera stor i slike myrlendte område.

Røsslynghei (2f) av utforming røsslynghei, tørr type (S1a), finst på opplendte lokalitetar

med moderat til lite snødekke, med mindre næringsinnhald i jorda enn risheia og tørrare en fuktheia. Feltsjiktet er dominert av røsslyng, med innslag av artar både frå risheia og fuktheia. Typen er utbreidd kring Godvasslihøvlan og i austre delen av kartleggingsområdet. I desse områda vil også risheia vera svært artsfattig og vanskeleg å skille frå røsslyngheia. Her er det lite av beiteplanter.

På dei skarpaste rabbane med tynt jordekke og lite snø om vinteren, finn vi vegetasjonstypen gråmosehei (2c) av greplyng-moserabbtype (R1c). Vegetasjonsdekket er ofte usamanhengande med høg dekning av bart fjell. Fjellkrekling dominerer, andre vanlege artar er greplyng, rypebær, blokkebær, fjellpryd, stivstorr, rabbesiv og geitsvingel. Typisk er eit tett botnsjikt av gråmose. Lavartar som rabbeskjegg, gulskinn og reinlavartar kan også inngå.

Frodigare fjellvegetasjon finst det små areal av i kartleggingsområdet. Nokre mindre areal av høgstaudeenger (3b) av utforming alpin bregneeng (S5) finst. Desse ligg i bratte rasmarker der tilgangen på næring og vatn er god. Det er lite areal av denne typen, men det som finst er viktig for beitet.

Snøleie finn vi berre på mindre lokalitetar i dei høgastliggande delane av kartleggingsområdet. Dette er areal av grassnøleie (1b) av finnskjeggtype (T1a). Finnskjegg er her dominerande art. Andre vanlege artar er stivstorr, blåbær, musøre og smyle. Myrartar kan også inngå.

Ei samla vurdering av beiteverdien for heile kartleggingsområdet kan settast til godt-mindre godt beite. Ei såpass låg gradering byggjer på liten forekomst av gras-urterike vegetasjonstypar og det er særleg lite av beiteplanter i fjellvegetasjonen. Dette gjeld til dømes risheia som i oftast er ein viktig beitetype for sau. Det er dessutan liten høgdevariasjon i beitet, slik at det er lite med tilgang på ferskt beite i slutten av juli og ut over i august. Dei krattdekte areala dreg beiteverdien opp. Eit usikkert moment er kvantitet av myrareala representerer. Vanlegvis er ikkje myr rekna som godt beite for sau, men i dette området foregår det mykje beiting på dei faste bakkemyrene. Den høgaste beiteverdien finn ein i granskogen og særleg knytt til hogstflater tidleg i sesongen. Beite på hogstflatene kjem tidleg, men vil falle fort i kvalitet ut over sommaren. Halvåper granskogen vil ha godt med smyle og blåbær og her vil beitet halde seg bedre. Slike areal vil vera viktige ut over hausten, men sterk skogplanting vil i framtida redusere beitearealet av denne typen i dei lågareliggande områda. Av område med høg beiteverdi kan nemnast nordsida av Øyenskviltjønna, Lonan, Godvasslia og området kring litle Øyungen.

Beitekartet som er utarbeidd frå vegetasjonskart Bjørfarvassheia-Meungheia-Øyenskvilen, baserer seg på dei beiteverdiane som er sett i neste avsnitt. Tilleggssymbol for dekning av bart fjell er også trekt med i vurderinga, slik at typar som har meir enn 50% blir senka ein grad i beiteverdi.

Krattdekning gjev vegetasjonstypane høgare beiteverdi i dette området, desse areal har derfor fått prikkrastrer. Alderclassane I og II i skog aukar òg beiteverdien, slike areal er derfor gjevne skråkravur. Grasmyrane er sett i godt beite, men gjeve skravur for forsumping.

Tabell 5. Fordeling av beitekvalitetar i kartleggingsområdet

Beiteverdi	Bjørfarvassheia-Meungh.-Øyensk.		Bjørfarvassheia	
	daa	%	daa	%
Svært godt	22	0,0	0	0
Mykje godt	1166	2,5	365	4
Godt	27138	58,9	7521	73
- myr	(12857)	(28)	(4014)	(39)
- kratt	(2579)	(6)	(1241)	(12)
- ald.kl. I,II	(1850)	(4)		
- anna	(9852)	(21)	(2266)	(22)
Mindre godt	17059	37,0	1680	16
Dårleg	530	1,1	403	4
Ikkje beite	179	0,4	299	3
SUM	46101	100	10268	100

3.3. Omtale av vegetasjonstypar

I dette avsnittet er det gjeve ein omtale av beiteverdien for ulike vegetasjonstypar i kartleggingsområdet. Dette er gjort ut frå samansettinga av plantedekket og hovedtrekk i beitevanar for sau.

1b GRASSNØLEIE. På næringsfattig grunn med tjukt og langvarig snødekke som smeltar ut i slutten av juni eller byrjinga av juli. Berre i dei høgastliggende partia i området. Dette er areal av grassnøleie av finnskjeggtypen (T1a). Stort sett artsfattig vegetasjon ofte totalt dominert av finnskjegg. Varierande innslag av stivstorr, smyle, musøre og blåbær. Myrartar som duskull og bjønnskjegg kan forekoma. Botnsjiktet er svært dårleg utvikla eller manglar.

Beiteverdi: Utforminga av typen i dette området er finnskjeggdominert. Dette er ein grasart som blir lite beita, og begrensar derfor beiteverdien. Godt - mindre godt.

2c GRÅMOSEHEI. Dominerande utforming er greplyng-moserabb (R1c). Forekjem på rabbar og andre verutsette lokalitetar med næringsfattig, ofte grunn jord. Snødekket er tynt om vinteren. Grunnen er veldrenert og næringsfattig. Vegetasjonen er artsfattig og lågvaksen med eit ope feltsjikt av krypende lyngartar. I botnsjiktet finn vi ei tett matte av gråmose med lite lav. Dominerande vegetasjonstype på rabbar i dei høgastliggende områda.

Beiteverdi: Her finn vi lite av beiteplanter for sau, men i eit beiteområde vil innslag av rabbar ha betydning som "kvileland". Mindre godt beite. Store areal av denne typen har over 50% dekning av bart fjell og er sett som dårleg beite.

2e RISHEI. På stader med moderat tilgang på næring og vatn. Snødekket er stabilt, men ikkje langvarig. I dette området forekjem ofte oppfrysingstuver i denne typen. Artsfattig, lyngdominert vegetasjon. Blåbær, krekling, røsslyng, smyle og skrubbær er dominerande artar. I botnsjiktet dominerer etasjehusmose og furumose. Innslaget av stivstorr kan vera

betydeleg. Kratt av bjørk er svært vanleg ned mot skoggrensa. Over 50 % krattdekning er merka ut med tilleggssymbol. Denne utforminga er oftast meir grasrik enn typen elles. **Beiteverdi:** I dette området har typen liten dekning av smyle og ligg mange stadar på overgangen til røsslynghei. Eit visst stivstorrinnslag finst. Godt - mindre godt beite. Omlag 60% av typen har høg krattdekning. Desse areala har høgare beiteverdi da smyledekninga her ofte er bedre og bjørkelauvet også blir beita. Godt beite.

2f ALPIN RØSSLYNGHEI. Heisamfunn på stabil, veldrenert og næringsfattig grunn med moderat snødekke, men tidleg utsmelting. Feltsjiktet er dominert av røsslyng med krekling, blåbær, rypebær og smyle som vanlege artar. Vanleg vegetasjonstype aust i kartleggingsområdet og kring Godvasslihøvlan.

Beiteverdi: Av beiteplanter kan smyle få eit visst innslag. Mindre godt - godt beite.

2g ALPIN FUKTHEI. Overgangstype mellom fastmark og myr. Opptreer helst i hellande terreng med moderat snødekke og dårlegare drenering enn risheia. Det finst oftast eit tjukt råhumuslag. Typen kan også opptre på grunnlendt mark som er influert av sigevatn. Vegetasjonen er dominert av blåtopp og bjønnskjegg, med varierende innslag av lyngartar, skrubbær, tepperot og duskull. Denne typen kan ha òg ha høg dekning av bjørkekratt. Dette er merka med tilleggssymbol. Kratta får ofte sterk dominans av blåtopp.

Beiteverdi: Blåtopp er den einaste planta som i større grad vil bli beita. Godt -mindre godt beite. Utformingar med høg krattdekning utgjør 25% av arealet av denne typen. Her finn vi ofte meir gras og storr i feltsjiktet. Lauvet har òg beiteverdi. Godt beite.

3b HØGSTAUDEENG. I bratte liser og rasmarker med god tilgang på næring og vatn. Frodig vegetasjon med feltsjikt dominert av store bregner (telg, burkne) og med innslag av urtar og gras. Busksjikt av bjørk kan forekoma. Spreidd botnsjikt av krypande mosar. Mindre areal finst i brattskråningar på sørsida av dalføret mellom Langvatna og Småsalan og i sørsida av Øyenskvallen. Elles berre mindre flekkar som er for små til å figurere ut.

Beiteverdi: Lite representert vegetasjonstype, men viktig som beite der den forekjem. Smeltar tidleg ut og er svært viktig beite tidleg i sesongen. Ut over sommaren kan bregnene vekse til og skugge ut andre planter. Mykje godt - godt beite.

4b BLÅBÆRBJØRKESKOG. Artsfattig bjørkeskog på stader med moderat tilgang på næring og vatn. Undervegetasjonen er dominert av blåbær, blokkebær, smyle og etasjehusmose. Skrubbær forekjem konstant i feltsjiktet og kan vera dominerande art. Innslag av fuktkrevande artar som molte og skogsnelle kan forekoma. Ved god vasstilgang opptreer ei friskare utforming med innslag av småbregnene fugletelg og hengeveng, men og større bregner som sauetelg og smørtelg. Større areal forekjem på austsida av Olvatnet og på vestsida av Bjørfarvatnet.

Beiteverdi: God smylevokster gjer denne typen til godt beite.

4c ENGBJØRKESKOG. Høgproduktiv bjørkeskog i liser oftast opp mot skogbandet, med god tilgang på næring og vatn. Skogbotnen er vanlegvis dominert av store bregner, først og fremst skogburkne, men også sauetelg, fjellburkne og smørtelg. Eit lite innslag av høgstauder som turt og skogstorkenebb er vanleg. Skogrørkvein forekjem jamt, medan sølvbunke og engkvein kjem inn i beita utformingar. Finst i bratte dalsider ved

Bjørfarvatnet og opp mot Olvasskollen.

Beiteverdi: For beiteverdi sjå omtale av enggranskog (7c).

6a LAV- OG LYNGRIK FURUSKOG. Artsfattig og lågproduktiv skogtype som opptre på næringsfattige kollar og grunnlende. Glissent tresjikt med furu som dominerande treslag. Vegetasjonen er artsfattig og dominert av artar som røsslyng, krekling og blokkebær.

Beiteverdi: Her er det lite av beiteplanter og typen er mindre godt beite.

6b BLÅBÆRFURUSKOG. Artsfattig furuskog med større produksjon enn foregåande. På stader med moderat tilgang på næring og vatn. Undervegetasjonen er dominert av blåbær, blokkebær, smyle og etasjehusmose. Skrubbær forekjem konstant i feltsjiktet og kan vera dominerande art. Innslag av fuktkevande artar som molte og skogsnelle kan forekoma. Ved god vasstilgang opptre ei friskare utforming med innslag av småbregnene fugletelg og hengeveng, men og større bregner som sauetelg og smørtelg. Lite representert type.

Beiteverdi: For beiteverdi sjå omtale av blåbærgranskog(7b).

7a LAV- OG LYNGRIK GRANSKOG. Artsfattig og lågproduktiv skogtype som opptre på næringsfattige kollar og grunnlende. Tresjiktet er glissent med skranten gran som dominerande treslag, innslaget av furu og bjøk kan vera høgt. Vegetasjonen er artsfattig og dominert av artar som røsslyng, krekling og blokkebær. Lite representert vegetasjonstype.

Beiteverdi: Her er det lite av beiteplanter og typen er mindre godt beite.

7b BLÅBÆRGRANSKOG. Artsfattig granskog med større produksjon enn foregåande. På stader med moderat tilgang på næring og vatn. Undervegetasjonen er dominert av blåbær, blokkebær, smyle og etasjehusmose. Skrubbær forekjem konstant i feltsjiktet og kan vera dominerande art. Innslag av fuktkevande artar som molte og skogsnelle kan forekoma. Ved god vasstilgang opptre ei friskare utforming med innslag av småbregnene fugletelg og hengeveng, men og større bregner som sauetelg og smørtelg. Dekkjer størst areal av skogtypene.

Beiteverdi: God smyledekning gjer at dette er godt beite. Blåbær har og ein viss beiteverdi. Beiteverdien vil vera påverka av skogtilstanden. Best grasdekning får ein etter snauhogst fram til trea igjen blir heildekkande. Dette omfattar aldersklasse I og fram til siste fase av klasse II, litt etter kor tett det er planta. Dei 2-3 første åra etter hogst vil beiteverdien bli redusert på grunn av hogstavfall. Areal av aldersklasse III vil ofte vera så tettvaksne at artar i feltsjiktet blir skugga ut og det er vanskeleg framkomeleg for dyr. Beiteverdien er derfor redusert til mindre godt beite. Areal i aldersklasse IV vil igjen ha etablert feltsjikt, men det kan framleis vera sparsamt dersom det er tettplanta. Dette vil i allefall ikkje vera så grasrikt som klasse I og II, men beitet i skogen bevarar kvaliteten bedre utover i sesongen i motsetning til graset på snauflatene som fort går opp i strå og får redusert fordøyelegheit og proteininnhald. 23% (1850 dekar) av blåbærgranskogen ligg i aldersklasse I og II.

7c ENGGRANSKOG. Høgproduktiv granskog i liser med god tilgang på næring og vatn. Skogbotnen er vanlegvis dominert av store bregner, først og fremst skogburkne, men også sauetelg, fjellburkne og smørtelg. Eit lite innslag av høgstauder som turt og

skogstorkenebb kan forekoma. Skogørkvein forekjem jamt, medan sølvbunke og engkvein kjem inn i beita utformingar.

Beiteverdi: Beiteverdien av typen vil bli begrensa av stor bregnedekning og vil ikkje kunne settast til bedre enn godt beite. Om våren og forsommaren før bregnene for alvor kjem opp, kan beiteverdien vera høgare. Ved kulturpåverknad gjennom beite og trakk vil bregnene bli trengt tilbake til fordel for grasartar. Dette er til ein viss grad tilfelle i kartleggingsområdet. På beitekartet er typen derfor sett som mykje godt beite. Dette kan stemme for ein del lokalitetar, men vil elles meir vera uttrykk for potensiell beiteverdi for typen. Skogtilstanden vil også påverke beiteverdien i denne typen. På snauflater får ein sterkt grasoppslag og dette utgjer kanskje dei beste beita i området. Mindre areal til dømes i Godvasslia, er svært grasrike etter beiting gjennom mange år. 38% (230 dekar) av enggranskogen ligg i aldersklasse I og II.

8a FUKTSKOG. Overgangstype mellom sumpskog og fastmarksskog. Vanleg i nedbørrike strøk. I tresjiktet dominerer oftast furu. Typen har eit markert innslag av fuktkeivande artar som blåtopp, bjønnskjegg, rome og molte. Vanleg vegetasjonstype på grunnlendte areal på Levassheia og på åsen søraust for Øyenskavltjønna.

Beiteverdi: Står nær 6a i beiteverdi, men eit større innhald av blåtopp gjev typen litt høgare beiteverdi. Mindre godt-godt beite.

8b MYRSKOG. Skogdekte rismyrer som har enten furu eller bjørk i tresjiktet. Glissent kortvakse tresjikt av furu eller bjørk. Torvull, molte, blokkebær og røsslyng dominerer i feltsjiktet medan botnsjiktet er ei tjukk matte av torvmosar.

8c FATTIG SUMPSKOG. Skranten, seintveksande skog på forsumpa, næringsfattig mark. Gran og bjørk er dominerande treslag. Feltsjiktet er dominert av artar som trådsiv, skogsnelle, molte og blåtopp. Skrubbær kan ha høg dekning. Forekjem kring Olvasskollen og på austsida av Øyenskavltjønna.

Beiteverdi: Forsumpa mark dominert av blåtopp, torvull og storrartar. Godt-mindre godt beite.

9a RISMYR. Myr med næringsfattig og som regel lite omdanna torv, gjerne bygd opp i tuver. Vegetasjonen er dominert av røsslyng, blokkebær, torvull, bjønnskjegg, molte og torvmosar. Størst forekomst kring Godvasslihøvlan.

Beiteverdi: Vegetasjon med svært lite av beiteplanter. Mindre godt-dårleg beite.

9b BJØNNSKJEGGMYR. Fattig myrtype med få artar. Bjønnskjegg er dominerande art. Myrmatta er fast og består av torvmosar. Vanleg myrtype på store, flate myrareal.

Beiteverdi: Sterk dominans av bjønnskjegg og lite med beiteplanter. Mindre godt beite.

9c GRASMYR. Sigevasspåverka myr der artsinventar og produksjon vil variere med næringsinnhaldet i sigevatnet. I dette området er myrene næringsfattige, og finst ofte også i sterkt hellande terreng. Feltsjiktet er dominert av blåtopp, bjønnskjegg, duskull og torvull. Rome har ofte høgt innslag. Flaskestorr og trådstorr kjem inn på våte parti. Botnsjiktet består av torvmosar. Vanlegaste myrtypen i området.

Beiteverdi: Av dominerande artar i grasmyrane er det berre blåtopp, duskull og ulike storrartar som kan seiast å ha nokon beiteverdi. Grasmyrar med ei viss helling vil stort sett vera faste. I dette området er det lite alternativ beitevegetasjon slik at desse myrene

utgjer ein god del av beitegrunlaget også for sau. Godt - mindre godt beite. Romedekninga er svært høg i dei lågareliggande områda, men blir mindre med høgda.

9d BLAUTMYR. Næringsfattig jordvassmyr der grunnvatnet står nær overflata. Glissent feltsjikt med artar som flaskestorr, trådstorr, dystorr og duskull.

Beiteverdi: For våt for sau. Dårleg beite.

9e STORR- OG TAKRØRSUMP. Botnfast vegetasjon langs bredden av innsjøar, tjern og elvar. Her finst berre eit feltsjikt dominert av store storr-, siv og grasartar som står i vatn størstedelen av veksesesongen.

Beiteverdi: For våt for sau. Dårleg beite.

11b BEITEVOLLAR OG ØDEENGER. Kulturbeite, setervollar og anna sterkt beitepåverka vegetasjon og tidlegare dyrka mark som er i ferd med å gro att. Det finst nokre beitevollar i området knytt til nedlagte setre.

Beiteverdi: God grasdekning gjer dette til svært godt beite.

4. MAUKEN

4.1. Omtale av kartleggingsområdet

Det vegetasjonskartlagte området ligg i fjellpartiet Mauken i Målselv kommune og utgjer eit areal på vel 7,4 km² medrekna vatn. Området fell grovt saman med ei senking i fjellpartiet sørvest for Stormauken. Størstedelen fell innafor lågalpin sone, men delar av området i sør har subalpin bjørkeskog.

Mot Mauktippen/Stormauken i nordaust går yttergrensa for området langs fjellsida i eit høgdelag på ca. 900 m o.h. Grensa dreier mot Ryphaugen i sør og følgjer fjellryggen aust og sør for Sagelvvatnet. Området strekkjer seg vidare vestover mot Grønkampen, der grensa kryssar dalgangen nordafor og følgjer eit høgdedrag opp til Tippvasshaugan (756 m). I nord går avgrensinga i dalgangen mellom Tippvasshaugan og Mauktippen.

Sagelvvatnet i aust (480 m), ligg i ei gryte der terrenget i nord har ei jamt aukande stigning opp i mot Stormauken. Areal aust og nord for vatnet har djupe morene-avsetningar. I lendet opp mot Mauken blir det meir skredavsetningar i dei øvre laga og den brattaste lia har eit jamt dekkje av skredjord. Sørvest i området, mellom Grønkampen og Tippvatnet, ligg eit småkupert terreng med fleire nordvest-søraust gåande ryggar. Frå dei nedre delane stig terrenget opp til Tippvatnet (618 m) i nord. Kring vatnet er det eit småkupert og grunnlendt kollelandskap. Mot fallretninga i sør er kollane helst bratte med ein oppbrotten struktur. I nord stig terrenget bratt opp mot Mauktippen. Eit lite daldrag går frå Tippvatnet mot nordvest.




Fig. 5. Prosjektområde Mauken (utsnitt frå kartblad Målselv, serie M 516, NGO).

Berggrunnen i området tilhører Målselvdekkjet og den dominerande bergarten er kvartsfeltspatskifer. Denne lagdelte bergarten inneheld også lettvitrande, glimmerhaldige lag som gjev god plantenæring. I nordvest kjem det lagrekkjer av dolomittmarmor fram i dagen. På og omkring desse finn ein spesielt kalkkrevjande vegetasjon. Den breie skredsona under Stormauken har ei sær s gunstig samansetting for plantevokster, og her finn ein svært produktive og artsrike plantesamfunn.

Klimaet i Indre Målselv er tilnærma kontinentalt med kalde vintrar og forholdsvis varme somrar. Det kartlagte området ligg midt mellom målestasjonane på Bardufoss og i Øverbygd. (Tala som følgjer gjeld Bardufoss framfor skråstrek og Øverbygd etter skråstrek). Den årlege nedbøren er 652/659 mm. Det meste kjem i haust- og vintermånadane medan perioden mars - juni har minst nedbør. Nedbøren vil normalt vera noko høgare i fjellpartiet Mauken enn ved målestasjonane som ligg i låglandet. Middelttemperaturen for året ligg på 0,8/0,6°, høgast i juni med 13,1/12,9°C og lågast i januar med -10,1/-10,7°. Temperaturen kan ein rekne med minkar med 0,6°C for kvar 100 m ein stig i terrenget.

4.2. Vegetasjonen i kartleggingsområdet

Den sørvestre delen av kartleggingsområdet trer fram som ein heilskap når det gjeld landskap og vegetasjon. Her er dominerer fattig rabbe- og lesidevegetasjon med høgstaudeenger, myr eller snøleie i forsenkingane. Topografi og høgdelag skapar tydelege soneringar.

På dei høgaste og mest eksponerte partia finn ein greplyng-lav/moserabb (R1) og i litt lågare nivå dvergbjørk-fjellkreklingrabb (R2). Dette er karrig vegetasjon med liten eller ingen beiteverdi for husdyr. Derimot er dette dei viktigaste lokalitetane i vinterbeitet for rein. Blåbær-blålynghei (S3a) ligg lokalisert til hellingar i nivå under rabbevegetasjonen. Dette er den dominerande vegetasjonstypen i dette delområdet og i tillegg den arealmessig største innanfor kartleggingsområdet.

I forsenkingar der snøen ligg lenge finn ein snøleievegetasjon. Dei moderate snøleia, grassnøleie (T1) og fattig engsnøleie (T2) har tett graskvokster, og særleg engsnøleia utgjer frodige beitelokalitetar. Her finst òg spreidde lokalitetar med ekstreme snøleie, musøresnøleie (T4), som brånar fram seint på sommaren.

Ein del myrar finst spreidd i området, mest på utflata parti i botnen av dalgangane. intermediær fastmattemyr (L2) er den vanlegaste myrtypen her. Delar av myrarealet har høg vierdekning. I dette delområdet forekjem også høgstaudeenger, både som fattig og rik utforming. Dei ligg lokaliserte til dråg langs bekkar og sig med oksygenrikt vatn. På lune stader nedst i dalgangane finst nokre bjørkeholt. Dette er spreidde lokalitetar som ligg isolerte frå den samanhengande skogen lenger ned i dalen. Det meste består av typen høgstaudeskog med høg og frodig undervegetasjon.

På moreneavsetningane kring austre delen av Sagelvvatnet veks bjørkeskogen i eit større samanhengande område frå 480 til maksimum 550 m o.h. Det er mest av typen høgstaude-fjellbjørktype (C2a), men godt innhald av gras og lågare urtar gjer at mykje

av arealet ligg på kanten mot lågurt-fjellbjørktype (C2b). Dei fuktigaste partia har busksjikt av vier. På opplendte parti der grunnen er tørrare finn ein typen blåbærskog (A4c). I høgdelaga der høgstaudeskogen tek slutt, går vegetasjonen over i rik høgstaude-eng/kratt av ballblom-skogstorkenebbtypen (S7a). Her er utforminga svært frodig, med busksjikt av vierartar.

Tabell 6. Vegetasjonstypar på vegetasjonskart Mauken (dekar og prosent av kartlagt areal)

VEGETASJONSTYPER	Daa	%
A4c BLÅBÆRSKOG. Blåbær-fjellkreklingtype	228	3,1
C2a HØGSTAUDESOG. Fjellbjørktype	366	4,9
G "BEITEENG"	11	0,2
J2 OMBROTROF TUVEMYR	14	0,2
L1b INTERMEDIÆR KRATTMYR	45	0,6
L2 INTERMEDIÆR FASTMATTEMYR	179	2,4
L4a HØGSTORRMYR. Flaskestorr-trådstorrttype	12	0,2
M1b RIK KRATTMYR	21	0,3
M2 MIDDELSRIK FASTMATTEMYR	110	1,5
M3b EKSTR. FASTMATTEMYR. Sotstorr-blankstorrttype	11	0,2
R1b GREPLYNG-LAV/MOSERABB. Gulskinntype	411	5,6
R2b DVERGBJØRK-FJELLKREKLINGRABB. Reinlavtype	69	0,9
R2c DVERGBJØRK-FJELLKR.RABB. Fjellkreklingtype	591	8,0
R2d DVERGBJØRK-FJELLKR.RABB. Lyng-musøretype	142	1,9
R3b REINROSE-LAVRABB. Reinrosetype	692	9,3
S3a BLÅBÆR-BLÅLYNGHEI. Blåbær-blålyngtype	1357	18,3
S3c BLÅBÆR-BLÅLYNGHEI. "rik type"	12	0,2
S6a FATTIG HØGSTAUDE-ENG/KRATT. Fattig type	29	0,4
S7a RIK HØGSTAUDE-ENG/KRATT. Ballbl-skogstork.type	1284	17,3
T1b GRASSNØLEIE. Smyle-gulakstype	271	3,7
T2a FATTIG ENGSNØLEIE. Engsoleie-gulakstype	384	5,2
T3a RIKT ENGSNØLEIE. Engsoleie-fjellrapptype	413	5,6
T4a MUSØRESNØLEIE. Musøre-moselyngtype	135	1,8
T4b MUSØRESNØLEIE. Mosetype	6	0,1
ANDRE AREALTYPAR:		
> FJELL I DAGEN	9	0,1
} UR OG BLOKKMARK	4	0,1
VATN	609	8,2
SUM	7415	100

Beltet med dolomittmarmor som går over Tippvasshaugan og langs åskanten til knausen sør om Tippvatnet, er opphavet til ein sone med reinrosehei (R3) og rikt engsnøleie (T3) som kjem inn i området frå nordvest. Den nordvestlegaste delen av kartområdet, med Tippvatnet og dalen nordover samt hellinga aust for Tippvass-haugan, er sterkt dominert av snøleievegetasjon. Jordvatnet innheld oppløyst kalk frå marmorlaga ovanfor, og gjev vilkår for store areal av typen rikt engsnøleie. Fattig engsnøleie og grassnøleie finst



Foto nr. 7.
Næringsrikt jordmonn, god vasstilgang og sørhelling, gjer lisida til Stormauken til ei einaste stor høgstaudeeng. Planteproduksjon er høg og langvarig beiting har gjeve eit høgt grasinnslag i vegetasjonen.



Foto nr. 8.
Blåbær-blålyngheia i området har eit høgt innslag av smyle. På grunn av den rike vegetasjonen elles, blir vegetasjonstypen likevel lite beita.



Foto nr. 9.
Mykje av skogen er av høgstaude type med høg planteproduksjon og artsrikdom.

også. Snøleia her dannar tilsaman store areal med grasdominert fjellbeite. I forsenkingar forekjem musøresnøleie, som også vil innhalde ein del gras. På grusryggar og åskantar som ligg noko heva i terrenget finst ei spesiell utforming av dvergbjørk-fjellkreklingrabb, ein lyng-musøretype, som normalt hører høgfjellet til. På flatene nord for Tippvatnet finst eit parti med flate, storrdominerte myrar av typane middelsrik fastmattemyr og høgstorrmyr.

Den bratte, sørvestvendte lia i framkanten av Mauktippen - Stormauken dannar ein særeigen del av kartområdet. Gunstig eksponering og djup skredjord med tilsig frå ein næringsrik berggrunn skapar særst gode vilkår for plantevokster. Frå eit høgdelag på vel 600 m ved Tippvatnet og ca. 550 m nord for Sagelvatnet, byrjar ei brei sone med høgstaudeenger. Dei frodigaste utformingane er i nedre delar av lia. Her er det ofte høg vierdekning. Frå 700-900 m blir grunnen gradvis tørrare, og høgstaudevegetasjonen går inn i mosaikkar med reinrosehei. På dei tørraste og minst jorddekte partia har reinrosehei størst dekning. Høgstaudeengene under Mauken blir beita av sau gjennom heile sommaren. Der det er beita sterkt over fleire år, vil grasartane etter kvart dominere over urtar og bregner. Nokre av desse lokalitetane, der det er vanskeleg å kjenne at opphavstypen, er teke ut som beiteeng (G).

Det kartlagte beiteområdet er uvanleg rikt og er nok noko av det beste utmarksbeitet ein kan finne i landet. Samla kan det gjevast karakteristikken mykje godt beite. I dette distriktet er slikt beite likevel ikkje noko uvanleg. Lisida mot Stormauken og Mauktippen er mest sentral for beitet. Her er det tidleg utsmelting og ein planteproduksjon som truleg kan måle seg med kulturmark i låglandet. Arealfordelinga av beitet med omsyn på høgde er òg nærast ideell, da dette fordeler seg på mange høgdesoner. Saman med høg dekning av snøleie, gjev dette tilgang på ferskt beite gjennom heile beitesesongen.

Tabell 7. Fordeling av beitekvalitetar i Mauken

Beiteverdi	Daa	%
Svært godt	11	0,2
Mykje godt	2318	31,3
Godt	2313	31,2
Mindre godt	2047	27,6
Dårleg	105	1,4
Ikkje beite	623	8,4
SUM	7415	100

Beitekartet som er utarbeidd for Mauken baserer seg på dei beiteverdiane som er sett i neste avsnitt. Tilleggssymbol for dekning av bart fjell eller blokkar er også trekt med i vurderinga, slik at typar som har meir enn 50 % impediment blir senka ein grad i beiteverdi. For å vise sesongvariasjon i betydninga av dei ulike vegetasjonstypene er det bruka raster for å framheve typar som i første rekkje er tilgjengeleg på seinsommar/haust.

4.3. Omtale av vegetasjonstypar

A4c BLÅBÆRSKOG. BLÅBÆR-FJELLKREKLING-TYPE. Bjørkeskog på opplendte lokalitetar med moderat tilgang på næring og vatn. Blåbær, smyle og fjellkrekling dominerer feltsjiktet. Urter, særleg stormarimjelle, skrubbær, skogstjerne og gullris forekjem spreidd. Botnsjiktet består av ei samanhengande mosematte. Denne vegetasjonstypen finst på opplendte parti på aust og nordsida av Sagelvvatnet.

Beiteverdi: Dekninga av smyle er oftast høg slik at ein her finn eit godt beite. Skogen har òg verdi som le for beitedyra.

C2a HØGSTAUESKOG. FJELLBJØRK-TYPE. Frodig høgstausedominert bjørkeskog i lisider og dråg med god tilgang på næring og vatn. Skogstorkenebb dominerer feltsjiktet saman med urtar som ballblom, engsoleie, engsyre og mange andre. Varierende grasinnslag av smyle, gulaks og sølvbunke. Den vanlegaste utforminga ligg på overgangen mot lågurtypen. Den typiske høgstaudeutforminga har ofte høgt innslag av vierartar som lappvier, sølvvier og grønnvier. Her finn vi fleire typiske høgstauder som kvitbladtistel og mjøduert. Typen forekjem på aust- og nordsida av Sagelvvatnet, samt på spreidde lokalitetar langs bekkar og i dråg sørvest i området.

Beiteverdi: Høgt grasinnslag av smyle, gulaks, engkvein og sølvbunke gjer dette til mykje godt beite. Areal med god vassforsyning har ofte høg vierdekning og mykje av høge stauder. Dette begrensar beiteverdien. På beitekartet har areal i skog med over 50% vierdekning fått redusert beiteverdien til godt beite.

G "BEITEENG". Kulturbetinga grasdominert vegetasjonstype som har oppstått på areal med sterk beiting over fleire år. Det er ikkje forsøkt klassifisere denne til undertype da valgmulegheitene i kartleggingssystemet dekkjer denne utforminga dårleg. I kartleggingsområdet er opphavstypen rik høgstaudeeng (S7a) og "rikt engsnøleie" (T3a). Typen er dominert av smyle og gulaks, men innheld fleire gras- og storrartar. I tillegg finst mange urtar frå rik høgstaudeeng og rikt engsnøleie (T3a). 4 mindre lokalitetar i lia nord for Tippvatnet.

Beiteverdi: Sterk beiting gjennom lang tid har her gjeve ein svært grasrik vegetasjon. Svært godt beite.

J2 OMBROTROF TUVEMYR. Tuvevegetasjon på myrflate med nøysame artar som berre får næring og vatn frå nedbøren. Dominerande artar er krekling, dvergbjørk, torvull, molte og bjønnskjegg. Botnsjiktet er tett og frodig dominert av torvmosar med lys reinlav på toppen av tuvane. Lite representert vegetasjonstype.

Beiteverdi: Vegetasjonen er dominert av artar som krekling, dvergbjørk, torvull og molte. Her er det svært lite av beiteplanter. Dårleg beite.

L1b INTERMEDLÆR KRATTMYR. Middelsrik jordvassmyr oftast langs bekkar med busksjikt av vier. Feltsjikt av flaskestorr, slåttestorr og duskull. Innslag av høgstauder og meir krevande artar som breiull og brunklomose.

Beiteverdi: Typen er som regel for våt til at sauen beitar her. Mindre godt beite.

L2 INTERMEDLÆR FASTMATTEMYR. Middelsrik jordvassmyr med feltsjikt av flaskestorr, slåttestorr og duskull. Innslag av urtar som myrfiol og myrhatt samt meir krevande artar som breiull og brunklomose. Dette er den vanlegaste myrtypen i området.

Beiteverdi: Typen er oftast for våt til at sauen beitar her. Mindre godt beite.

L4a HØGSTORRMYR. FLASKESTORR-TRÅDSTORRTYPE. Flat myr med permanent eller sesongmessig høgtstående grunnvatn. Tett vokster av høge størr. Artsfattig vegetasjon der flaskestorr er dominerande art. Myrhatt, vanleg myrfiol og eit fåtal andre urtar kan forekoma. Berre ein liten figur er registrert på nordsida av Sagelvvatnet.

Beiteverdi: For våt som beite for sau. Dårleg beite.

M1b RIK KRATTMYR. Rik jordvassmyr med busksjikt av vier. Feltsjikt av flaskestorr, slåttestorr og duskull, med innslag av høgstauder og meir krevande artar som fjelltistel, fjellfrøstjerne, og sotstorr.

Beiteverdi: Typen er som regel for våt til at sauen beitar her. Mindre godt beite.

M2 MIDDELSRIK FASTMATTEMYR. Ueinsarta myrtype, dominert av storrartar og bjønnskjegg. Typen har eit høgt antal av både nøysame og kravfulle størr, gras og urtar. Botnsjiktet er tett og består mest av brunmosar. Vier forekjem spreidd.

Beiteverdi: Typen er oftast for våt til at sauen beitar her. Mindre godt beite.

M3b EKSTREMRIK FASTMATTEMYR. SOTSTORR-BLANKSTORRTYPE.

Bakkemyrar med tilsig av vatn som drenerer gjennom kalkrike bergartar. Torvlaget er i regelen tynt. Artsrikt samfunn med mange kravfulle vier, gras, størr og urtar. I området har rynkevier og fjellfrøstjerne stor dekning. Av særskilt kalkkrevjande artar finst m.a. sotstorr og gulsildre. Botnsjiktet består av kravfulle mosar. Typen er lite representert.

Beiteverdi: Såpass tørr at det beiteverdien er godt beite.

R1b GREPLYNG-LAV/MOSERABB. GULSKINNTYPE. På eksponerte ryggar med tørr og næringsfattig grunn. Snødekket om vinteren er tynt eller manglar. Frost- og tørketilpasa vegetasjon som består av krypande lyng saman med mosar og lav. Botnsjiktet består i hovudsak av snøskyande lav. Gulskinn er dominerande av lavartane, men mange andre artar finst. I området er laven på slike lokalitetar sterkt beita av rein. På dei mest eksponerte ryggane er det ofte mykje stein og vegetasjons-lause flekkar. Her er også greplyng-fjellprydtypen (R1a) representert, men oftast med så små areal at typen ikkje er figurert ut. Dette er dominerande vegetasjonstype på rabbane rundt Tippvatnet.

Beiteverdi: Det finst lite av beiteplanter her, men typen er viktig som kvileplass for sau.

Mindre godt - dårleg beite.

R2b DVERGBJØRK-FJELLKREKLINGRABB. REINLAVTYPE. På kollar og rabbar, men ikkje så eksponert som førre type (R1). Snødekket er stabilt, men tynt - og smeltar tidleg bort. Typen finst med og utan busksjikt av dvergbjørk. Feltsjiktet består vesentleg av lyngartar, særleg fjellkrekling. Rabbesiv er vanleg i enkelte utformingar. I botnsjiktet dominerer reinlavartane over mosar. I kartområdet er laven som regel sterkt beita av rein. Dominerande vegetasjonstype på litt mindre eksponerte rabbar i dei lågareliggende delane av kartleggingsområdet..

Beiteverdi: Typen har lite av beiteplanter. Som kvileplass er dette viktige lokalitetar.

Mindre godt beite.

R2c DVERGBJØRK-FJELLKREKLINGRABB. FJELLKREKLING-MOSE-TYPE. På liknande lokalitetar som førre type (R2b). Busksjikt av dvergbjørk er vanleg, og gråvierartar kan forekoma. Fjellkrekling dominerer feltsjiktet. Andre lyngartar saman med eit fåtal urtar og grasplanter finst spreidd. Botnsjiktet består i hovudsak av tørketilpassa mosar med litt innslag av lav. Vanleg utforming kring Tippvatnet.
Beiteverdi: Typen har lite av beiteplanter. Som kvileplass er dette viktige lokalitetar.
Mindre godt beite.

R2d DVERGBJØRK-FJELLKREKLINGRABB. LYNG-MUSØRETYPE. Vegetasjon med mellomalpint preg mest på utflata, tørre grusruggar. Snødekket om vinteren er i regelen ikkje så tynt som på dei andre R2-typane, og avsmeltinga skjer noko seinare. Sparsam forekomst av dvergbjørk og gråvierartar. Mange artar av lyng, urtar og grasaktige planter går inn i typen, men fjellkrekling og musøre er dominerande i feltsjiktet. Botnsjiktet, som regel mosedominert, består av mange ulike mose- og lavartar. Denne typen er ikkje definert i Fremstad & Elven (1987).
Beiteverdi: Typen har lite av beiteplanter. Mindre godt beite.

R3b REINROSE-LAVRABB. REINROSETYPE. Typen finst på knausar og rabbar med kalkrik grunn. På tørre, vindeksponerte toppar med ustabil eller manglande snødekke, og eit stykke ned i lesidene der grunnen er friskare. Ved sida av artar frå R1 og R2 finst eit stort tal av låge kravfulle urtar og størr. Reinrose, mjeltartar og andre karakteristiske blomsterplanter kjenneteiknar typen. Botnsjiktet, som ofte er oppbrote av nake berg eller grus, består av tørketålande lav og mosar. Denne typen dekkjer større areal øvst i lia opp mot Stormauken. Elles finst spreidde forekomstar på tørre, vindeksponerte toppar med kalkgrunn.
Beiteverdi: Forekomst av beiteplanter kan vera variabel. På knausar vil dette oftast vera lite, slik at beitet er mindre godt. I lisida opp mot Stormauken forekjem utformingar av typen med eit visst vassig i jordsmonnet. Her får ein større innslag av beiteplanter. Godt beite.

S3a BLÅBÆR-BLÅLYNGHEI. BLÅBÆR-BLÅLYNGTYPE. På stader med moderat tilgang på vatn og næring. Snødekket er stabilt, men ikkje langvarig. Artsfattig, lyngdominert vegetasjon, med eller utan busksjikt av dvergbjørk. Blåbær, fjellkrekling og smyle er dominerande artar. I tillegg ein del andre nøysame urtar og gras. Botnsjiktet er godt utvikla og dominert av mosar. På tørre og opplendte lokalitetar kan innhaldet av reinlavartar vera betydeleg. Dominerande vegetasjonstype i kartleggingsområdet.
Beiteverdi: Smyleinnehaldet kan vera svært høgt. Godt beite.

S3c BLÅBÆR-BLÅLYNGHEI. "RIK TYPE". Parallell til S3a på stadar med kalkrikt vassig i jorda. Dominerande artar er dei same, men ein får i tillegg mange rikartar som fjelltistel, fjellfrøstjerne, flekkmure m.m. I lisida mot Stormauken er det mindre forekomstar. Denne typen er ikkje definert i Fremstad & Elven (1987).
Beiteverdi: Innslaget av urtar og gras er her større enn i S3a slik at denne utforminga er sett til mykje godt beite.

S6a FATTIG HØGSTAUDEENG/KRATT. FATTIG TYPE. Vierkratt langs bekker ofte med stein og grov grus i undergrunnen. Det er innslag av lite krevande urtar og gras. I den sørvestre delen av området er litt av høgstaudeengarealet av fattig type.

Beiteverdi: Kan ha bra grasdekning. Godt beite.

S7 RIK HØGSTAUDEENG/KRATT. I hellande lende på næringsrik mark som har sigevatn nær overflata. Ein høgproduktiv vegetasjonstype med høgt artsmangfald. Tett eller glissent busksjikt av gråvierartar, men busker kan også mangle. Feltsjiktet er frodig og samansett av kravfulle urtar og breiblada gras. Skogstorkenebb, ballblom og marikåper er mest framtrедande. Beitepåverka utformingar kan ha ein sterk grasdominans. Botnsjiktet er varierende i utvikling, og består vesentleg av kravfulle mosar. Dominerande vegetasjonstype i nedste del av lisida mot Stormauken og Mauktippen. Ein del av arealet har sein utsmelting og får innslag av snøleieartar.

Beiteverdi: Det meste av arealet er beitepåverka utformingar med høgt grasinnslag. Mykje godt - svært godt beite.

T1b GRASSNØLEIE. SMYLE-GULAKSTYPE. På næringsfattig grunn med tjukt og langvarig snødekke som smeltar ut i byrjinga av juli. Stort sett artsfattig og lite næringskrevjande vegetasjon. Dominans av grasartar, særleg smyle, men også andre gras- og storrartar samt musøre, kan ha god dekning. Eit fåtal urtar forekjem spreidd. Botnsjiktet er godt utvikla og mosedominert.

Beiteverdi: Høgt grasinnslag gjev godt beite.

T2a FATTIG ENGSNØLEIE. ENGSOLEIE-GULAKSTYPE. Snødekke og avsmeltingstid som hos førre type, men på grunn med bedre næringsinnhald og vassforsyning. Frodig vegetasjon med smyle og gulaks som vanlegaste artar. Høgt innslag av urtar som engsoleie, fjellfiol og fjelløvetann. Beiteprega utformingar kan få høg grasdekning. Botnsjikt av mosar. Vanleg vegetasjonstype kring Tippvatnet.

Beiteverdi: Høgt innslag av beiteplanter. Beiteprega utformingar kan få høg grasdekning. Mykje godt beite.

T3a RIKT ENGSNØLEIE. ENGSOLEIE-FJELLRAPPTYPE. På tilsvarende lokalitetar som T2a. men på stader med kalkrik grunn og rikeleg vassforsyning gjennom veksesesongen. Frodig og artsrik vegetasjon med mange kravfulle urtar, gras og storr. Mange iaugnefallande blomsterplanter kjenneteiknar typen. Kalkindikatorar som fjellfrøstjerne, rynkevier og gulsildre er vanleg i kartleggingsområdet. Beitepåverka utformingar er sterkt grasdominerte. Vanleg vegetasjonstype på nord- og vestsida av Tippvatnet.

Beiteverdi: Høgt innslag av beiteplanter. Beitepåverka utformingar er sterkt grasdominerte. Mykje godt beite.

T4a MUSØRESNØLEIE. MUSØRE-MOSELYNGTYPE. Ekstremt snøleie på næringsfattig mark som smeltar fram i juli-august. Vegetasjonen består av ei tett matte av musøre samt moselyng og lågvaksne mosar. Urtar, gras og halvgras finst spreidd. Størst forekomst på vestsida av Tippvatnet.


Beiteverdi: Spreidd forekomst av beiteplanter. Mindre godt beite.

T4b MUSØRESNØLEIE. MOSETYPE. Ekstremt snøleie som smeltar fram i august. Feltsjiktet manglar eller består av spreidd individ av musøre, samt sterile urtar, gras og halvgras. Tett mosematte som ofte er brote opp av naken jord, grus og stein.

Beiteverdi: Svært lite av beiteplanter. Dårleg beite.

LITTERATUR

- Fremstad, E og Elven, R. (red.) 1987:** Enheter for vegetasjonskartlegging i Norge. Økoforsk utredn. 1987:1, Trondheim.
- Garmo, T., Balle, O. og Rekdal Y. 1992:** Vegetasjon og beite i Sør-dalen. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås.
- Larsson, J. og Rekdal, Y. 1991:** Veiledning i vegetasjonskartlegging M 1:50 000, Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, Ås.
- Moen, A. og Selnes, M. 1979:** Botaniske undersøkelser på Nord-Fosen, med vegetasjonskart. Kgl. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapp. Bot. Ser. 1979-4. Universitet i Trondheim.
- NIJOS 1991:** Landskapsregioner i Norge. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging. Ås.
- Nordhagen, R. 1943:** Sikilsdalen og Norges fjellbeiter. Bergens Mus. Skr. 22. Bergen.
- Rekdal, Y. 1991:** Vegetasjonskartlegging og bruk av vegetasjonskart. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging. Ås.
- Rekdal, Y. 1993a:** Vegetasjon og beite i området Leiro-Sør-dalen. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging. Ås.
- Rekdal, Y. 1993b:** Vegetasjon og beite på Bjørfarvassheia. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging. Ås.
- Rekdal, Y. 1994:** Vegetasjon og beite i området Bjørfarvassheia-Meungheia-Øyenskavlen. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging. Ås.
- Rekdal, Y. og Bjørklund, P. 1994:** Vegetasjon og beite i Mauken. Norsk institutt for jord- og skogkartlegging. Ås.



Hovedkontor

NIJOS, Ås
 P.B. 115
 Rådhusplassen 29
 1430 Ås
 Tel. 09-94 97 00
 Fax 09-94 97 86


Distriktskontor

NIJOS, Andselv
 Skogbrukets hus
 P.B. 1223, Andselv
 9201 Bardufoss
 Tel. 089-33 324
 Fax 098-33 281

NIJOS, Steinkjer
 Statens hus
 7700 Steinkjer
 Tel. 077-68 115
 Fax 077-68 121

NIJOS, Førde
 Hafstadgården
 P.B. 201
 6801 Førde
 Tel. 057-21 685
 Fax 057-21 205

NIJOS, Bø
 Bekkevold
 3800 Bø i Telemark
 Tel. 03-95 06 68
 Fax 03-95 20 02

NIJOS, Hamar
 Vangsvn. 73
 2300 Hamar
 Tel. 065-28 800
 Fax 065-28 230



Tresjikt
 Busksjikt
 Feltsjikt
 Bunnsjikt
 Humussjikt
 Bleikjort
 Utfellingssjikt
 Upåvirket jord

Dette er NIJOS:

NIJOS er landets ledende leverandør av informasjon om landskap, jordsmonn, skog og vegetasjon. Vi kartlegger naturressursenes kvalitet og tilstand og utfører konsekvensanalyser. Instituttet dekker hele landet, og tilbyr nasjonale oversikter, temakart, eiendomsviser registre, høy kompetanse og avansert teknologi.

